

BACHELOROPPGÅVE

Vidareutvikling av IKT-kompetanse på ein skule

Eit case studie

av

208 - David Underdal
225 - Elling Bjarneson Venjum
214 - Vegard Yndestad

GLU 5-10
PE379
Mai 2013

Innholdsliste

1. Innleiing.....	4
1.1 Tema og bakgrunn	4
1.2 Val av tema	4
1.3 Problemstilling	5
1.4 Definisjon og omgrepsavklaring.....	5
1.4.1 IKT og IKT-kompetanse	5
1.4.2 Digitale ferdigheiter.....	5
1.4.3 Digital didaktikk	6
1.4.4 Digitale verktøy.....	6
1.5 Strukturen	6
2.0 Relatert Litteratur	8
2.1 IKT og digitale ferdigheiter.....	8
2.2 Digital didaktikk	9
2.3 Læraren sin haldning til IKT.....	10
2.4 Ressurspersonar og forkjemparar	11
2.5 Digitale verktøy.....	12
2.6 Vidareutvikling av kompetanse og profesjonalitet.....	12
2.7 Samandrag av litteraturen	13
3.0 Metode.....	14
3.1 Val av metode	14
3.2 Intervju som metode	14
3.3 Kontakt med skulen og informantar	15
3.4 Ei kort skildring av skulen.....	15
3.5 Intervjuet	16
3.6 Etske omsyn	16
3.7 Transkripsjon.....	17

3.8	Strukturen på resultatet	17
3.9	Feilkjelder.....	17
4.0	Resultat	19
4.1	Vidareutviklingsarbeidet.....	19
4.2	Bruk av digitale verktøy	20
4.3	IKT-planar på deltakarskulen	21
4.4	Kva tiltak ynskje informantane	23
4.5	Kva tankar har leiinga om IKT- arbeidet.....	24
4.6	Samandrag av resultatet.....	26
5.0	Diskusjon	28
5.1	Korleis arbeidar ein skule med vidareutvikling av IKT-kompetanse?	28
5.1.1	Individuell kompetanseutvikling utan støtte.....	28
5.1.2	Generelt vidareutviklingsarbeid	30
5.1.3	IKT-planar	31
5.2	Framtidige ynskje.....	31
5.2.1	Informantane sine ynskje	31
5.2.2	Leiinga sine ynskje	31
5.3	Konklusjon.....	32
6.0	Avslutning.....	33
7.0	Kjeldeliste.....	34

Vedlegg kjem i tillegg (5stk.).

1. Innleiing

1.1 Tema og bakgrunn

I løpet av dei siste 20 åra har skjedd ein digital revolusjon (Krumsvik, 2009). Ny teknologi som stadig utviklar seg har kome inn og vorte ein del av det moderne samfunnet. Dei fleste lever i ein digitalisert kvardag der smarttelefonar, PC-ar og nettbrett er viktige verktøy. Teknologien gjev brukarane mykje, men stillar også krav til brukaren sin kompetanse.

Skulen skal reflektere samfunnet og vere ein lærande organisasjon. Skulen skal førebu elevane for deira framtidige kvardag og yrkesliv. I LK06 (Læreplanen kunnskapsløftet 2006 [LK06] 2013) kalla ein bruken av digitale verktøy ein grunnleggande ferdigheit. I eit samfunn som stadig utviklar seg treng elevane kunnskapen, ferdigheitene og kompetansen som er naudsynt både i dag og i framtida. IKT er difor heilt sentralt. Sidan 2002/2003 har IKT vore obligatorisk i skulen (Krumsvik, 2009), men nyttar skulen og lærarane IKT i den grad og på den måten som er naudsynt? Otnes seier at mange lærarar ikkje er veit kva digital kompetanse og IKT i læreplanen fører med seg, og det kan tyde på at kompetansen ikkje er tilstrekkeleg (Otnes, 2009). Mange skular føler og at det ikkje er klare nok føringar frå styresmaktene om korleis dei vil at skulane skal drive med IKT og med vidareutvikling av denne kompetansen (Erstad & Quale, 2009). Krumsvik som er ein av Noreg sine fremste forskarar på IKT i skulen, uttrykkar at den viktigaste grunnen til manglande IKT-bruk i skulen er at lærarane manglar kompetanse (2009). Krumsvik seier at læraren sjølv vegrar seg for å bruke IKT, grunna mangelfull eigenkompetanse, rapporten Monitor 2011 syner det same resultatet.

1.2 Val av tema

I praksis ved lærarutdanninga har me vore utplassert i ulike skular og har gjort ulike observasjonar om bruk av IKT. Me har erfart at IKT-kompetansen til lærarane ikkje er tilstrekkeleg, og at utstyr som krev digital kompetanse ikkje vert nytta. Me har også møtt lærarar som er motiverte for bruk av IKT, og nyttar det delvis eller i alle aspekt av undervisninga. Desse erfaringane fekk oss til å undre over korleis lærarar vidareutviklar kompetansen sin i IKT.

Vidareutvikling av IKT i skulen er viktig for elevane i møte med det framtidige samfunnet, men det krev kontinuerlig arbeid og vidareutvikling (Krumsvik, 2009). På bakgrunn av dette valde me å forske på kva lærarar og leiinga på skular gjer for å vidareutvikle IKT-kompetansen og korleis dei nyttar dei

digitale verktøya. På grunnlag av tid og ressursar, valde me å avgrense området til eit case studie av ein utvald skule. I oppgåva har me sett på korleis *ein* skule arbeida med vidareutvikling av IKT-kompetanse.

1.3 Problemstilling

Problemstillinga er som følgjer:

- Korleis arbeidar ein skule med vidareutvikling av IKT-kompetanse?

Me har også to underproblemstillingar, som utdjupar kva skulen kan gjere for at vidareutviklingsarbeidet skal verte enno betre.

-Kva ynskje har lærarane for å betre vidareutviklingsarbeidet av IKT-kompetansen?

-Kva ynskje har Leiinga for å betre vidareutviklingsarbeidet av IKT-kompetansen?

1.4 Definisjon og omgrepsavklaring

1.4.1 IKT og IKT-kompetanse

IKT er ei forkorting for "informasjons- og kommunikasjonsteknologi" (IKT, 2013). Når me nyttar omgrepet IKT-kompetanse meiner me kompetanse til å bruke digitale verktøy og grunnleggande forståing for teknologien. IKT-kompetanse er tett knytt opp mot digitale ferdigheiter og kan nok også sjåast som eit synonym i nokre samanhengar. Det er mange omgrep som femner om det same i denne samanhengen, men me har valt å referere til desse ferdighetene som IKT-kompetanse.

1.4.2 Digitale ferdigheiter

Når emne som er knytt opp mot elevar sin IKT-kompetanse vert drøfta i denne oppgåva, brukar me omgrepet digitale ferdigheiter. Det er omgrepet som vert brukt i LK06 og *rammeverket for grunnleggande ferdigheter*. Omgrepet femner om digitale ferdigheitar som det å kunna nytta digitale verktøy, media og ressursar på ein forsvarleg og effektiv måte for å tileigna seg og behandla kunnskap, samt nytte desse til å skapa og kommunisera (Utdanningsdirektoratet, 2012). Ein skal og utøva dømmekraft og etisk omsyn i val og behandling av informasjon, samt nytta strategiar ved sanking av kunnskap.

1.4.3 Digital didaktikk

Digital didaktikk er korleis undervisninga går føre seg i skulen, med alle dei digitale hjelpemiddela som er tilgjengelig, og korleis ein skal legge opp til best mogeleg utbytte for elevane i den digitale verda. (Otnes, 2009)

1.4.4 Digitale verktøy

Me definerer digitale verktøy som alt utstyr som nyttar programvare. Det kan være fotoapparat, PC-er, musikkanlegg, interaktive tavler, eller liknande. Det er heller ikkje naudsynt at utstyret må bli nytta i samband med undervisning, programvare som vert brukt til å organisere karakterar og arbeid, som til dømes Fronter eller *It's learning*, fell også innunder omgrepet digitale verktøy. Denne definisjonen har me utarbeida for denne oppgåva, og er ikkje nødvendigvis i samsvar med andre definisjonar av omgrepet.

1.5 Strukturen

Oppgåva er bygd opp av seks delar som er innleiing, teori, metode, resultat, diskusjon og avslutning. I teoridelen har me vektlegg litteratur i høve til IKT og digitale ferdigheitar. Me har sett på korleis den einskilde læraren arbeidar med vidareutvikling av IKT, og kva leiinga gjer for å kvalitetssikre IKT-kompetansen til lærarane.

Me har valt å bruke ein kvalitativ metode, nærare bestemt eit intervju.

I metoddelen vert det gjort greie for val av metode, og prosessane rundt førebuing, gjennomføring og etterarbeid av oppgåva. Etiske omsyn, feilkjelde og transkripsjon vert og presentert.

I resultatdelen vert funna lagt fram, strukturert etter tematisk innhald. Transkripsjonane har vorte analysert, og informasjonen sortert slik at det vert lettare å lese. I resultatdelen vil det også bli presentert sentrale sitat som kom fram under intervjuet, og som underbygger påstandane.

Transkripsjonane er også lagd ved som vedlegg.

I diskusjonsdelen vert det som kom fram i resultatet drøfta. Der kjem det viktigaste først, og mindre viktig seinare. Først skal det svarast på problemstillinga. Til slutt skal dei framtidige ynskja til informantane og leiing drøftast.

Avslutningsvis i oppgåva vil me kome med ei oppsummering av undersøkinga. Me vil også kome med eigne refleksjonar om kor vegen går vidare for dette emnet.

2.0 Relatert Litteratur

2.1 IKT og digitale ferdigheiter

Omgrepet digitale ferdigheiter vert mykje nytta i skulesamanheng, men dekkjer ikkje kva som ligg i den generelle IKT-kompetansen til lærarane. Lærarane treng også kunnskap om dei digitale verktøya, ikkje berre ferdigheitene til å nytte dei. På engelsk nyttar ein omgrepet «Digital literacy», men omgrepa er ikkje synonyme då «Digital literacy» omfattar meir. «Digital literacy» var grunnlaget for utarbeidinga av omgrepet digitale ferdigheitar som ein av dei grunnleggjande ferdigheitene i LK06 (St. meld nr.30, 2003-2004). I stortingsmeldinga nr.30 står det: «Digital Literacy er et begrep som anvendes for å definere og beskrive både grunnleggende IKT-ferdigheter og innovativ bruk av IKT i læringsarbeidet».

I rammeverket for grunnleggende ferdigheter er digitale ferdigheitar jamstilt med rekning, skriving, lesing og å kunne uttrykka seg munnleg. LK06 vektlegg digitale ferdigheitar og seier at dei skal integrerast i alle fag. Då er det viktig at IKT-kompetansen er på plass hjå lærarane. Feltet utviklar seg i høg fart og IKT-kompetansen som lærarane har ved uteksaminering, vil vera utdatert etter få år. Det er viktig å henge med i svingane, og difor vert vidareutviklingsaspektet essensielt for å tilfredstillast krava til IKT-kompetansen. For at skulen og lærarar skal kunne gje elevane dei digitale ferdigheitene dei har krav på, må dei følgje med i utviklinga både når det gjeld teknisk utstyr og brukarkompetanse. Alt dette fell inn under IKT-kompetansen til skulen. Mange skular opplever det som utfordrande (Erstad og Quale, 2009). Dei er usikre på korleis dei skal forholde seg til IKT då det ikkje er nokon som fortel dei korleis dei skal handtere dette.

Det kan virke som om det er for lite sentrale føringar for korleis skulane skal arbeida med IKT, difor opplever ein stor skilnad i grad av IKT integrering på dei ulike skulane. Sidan skulane og lærarane står fritt i praktiseringa av IKT, vert haldningane til dei tilsette ein viktig faktor som verkar inn på vidareutviklinga av IKT-kompetansen. Under «prinsipp for opplæringa» i LK06 kan ein lesa at skulen skal «stimulere, bruke og vidareutvikle kompetansen til den einskilde læraren» (Utdanningsdirektoratet, 2013). Skulen som organisasjon har såleis ansvaret for å leggja til rette for vidareutvikling av IKT kompetansen til lærarane.

2.2 Digital didaktikk

Krumsvik seier at det trengst ein ny digital didaktikk:

«Denne klare statushevinga av IKT og digitale verkty har sett ein ny standard for teknologibruk i skulen og krev naturleg nok ei utvida og meir digitalt kompetent lærarrolle, der didaktikken er saumlaust integrert og oppdatert til å femne om dette nye, didaktiske terrenget» (Krumsvik, 2009).

IKT-kompetansen må vere ein del av den generelle pedagogiske kompetansen til læraren. IKT og digitale verktøy er ein så sentral del av lærarar sin kvardag at pedagogikk og didaktikk må tilpassast. Krumsvik laga ein modell for den digitale didaktikken, basert på den didaktiske relasjonsmodellen.



Digital didaktikkmodell II: Denne ser på didaktiske utfordringar med IKT (Krumsvik, 2009).

Det er tre utfordringar som Krumsvik meiner er fundamental i den digitale didaktikken (2009).

A Teknologiske utfordringar:

Lærarane har i dag mange teknologiske utfordringar med tanke på alle dei digitale verktøya som har vorte tilgjengeleg dei siste åra. Ein lærar må alltid være førebudd på at utstyr som interaktive tavler, PC-ar og programvare ikkje fungerer som det skal. Dette er teknologiske utfordringar som læraren må ta med seg inn i planlegginga av undervisning.

B Sosiokulturelle utfordringar:

Dei som er lærarar no har ikkje vokse opp i den same digitaliserte verda som elevane deira. Elevane i dag har heilt andre referanserammer enn lærarane sine, og dette kan skape utfordringar i klasserommet. Elevane kan til dømes gjennom sosiale nettverk ha relasjonar på tvers av klasserom utan at læraren er klar over korleis miljøet faktisk er i klassen. Den sosiokulturelle utfordringa er meir kompleks enn før og det er viktig at lærarar set seg inn i den digitale verkelegheita til elevane sine for å kunne vere ein effektiv rollemodell.

C Pedagogiske utfordringar:

I den digitaliserte kvardagen, vil det stadig oftare sitje elevar med både mobiltelefon og PC i undervisninga. Og då kjem det stadig nye pedagogiske utfordringar i samband med klasseleiing, ro og orden og læringsmiljø. Læraren må difor arbeida på andre måtar for å sørge for at dei digitale verktøya vert ressursar i klaserommet og ikkje distraksjonar.

2.3 Læraren sin haldning til IKT

Monitor (2011) konkluderte med at lærarar stort sett er positive til bruken av digitale verktøy i undervisninga. Lærarane i grunnskulen er positive til interaktive tavler og bruk av PC, men meiner det ikkje høver seg i tynge lære situasjonar. Lærarane sitt største problem i høve til bruk av digitale verktøy, er at det tek ein del tid frå byrjinga av timen og at det ofte dukkar opp tekniske problem. Lærarane har truleg låg sjølvtilitt i bruk av digitale verktøy, som resultat av den manglande IKT kompetansen. IKT kompetansen til lærarane er styrande for om dei nyttar digitale verktøy eller ikkje (Prestridge, 2011). Prestridge konkluderer med at lærarane meiner IKT er viktig som eit læringsverktøy for å utdjupe pensum, og at bruken av det relaterer til arbeidslivet generelt. I ei anna stor undersøking gjennomført på ungdomsskular i Hamar, fann forskarane ut at lærarane synte engasjement ved bruk av IKT (Molster og Wikan, 2011). Dei meiner at læringsutbytte ikkje aukar når ein nyttar IKT, men at elevane vert motiverte når ein nyttar det. Dei meiner og at IKT kan vere ei nyttig informasjonskjelde. Lærarane synte også i denne undersøkinga lite sjølvtilitt i bruken av digitale verktøy, sjølv om dei hadde delteke på kurs. Eit av hovudfunna i undersøkinga var at å integrera bruken av IKT i ein lærar sin praksis er ein gradvis og vanskeleg prosess. Lærarane må få tid til å integrere IKT med si eiga undervisning. For at lærarar skal greie dette treng dei ein god kultur for bruk av IKT. Skuleleiinga har ei viktig rolle i dette arbeidet.

2.4 Ressurspersonar og forkjemparar

Skuleleiinga har ei oppgåve i å motivere lærarane. Monitor (2009) spurde lærarane om korleis dei opplevde pedagogisk og teknisk støtte i skulekvardagen. Fleirtalet svara at det mangla pedagogisk støtte i bruk av IKT. Rapporten syner at dette er ei utfordring for skuleleiarar i Noreg. For at IKT kompetansen skal hevast i skulen, treng ein individ som er engasjert og tek rolla som forkjemparar. Det er ein fordel om forkjemparen er i leiinga. Ei undersøking frå New Zealand basert på respons frå 64 skuleleiarar, konkluderte at det er best miljø for endring og vidareutvikling på dei skulane som har leiarar med høg IKT kompetanse og som brenn for IKT i skulen (Stuart, Mills & Remus, 2009). Det kan tyde på at for å inspirere lærarane til å nytte digitale verktøy og vidareutvikle kompetansen sin, er det viktig å utvikle ein god kultur for IKT-læring der ein har ressurspersonar som kan hjelpe og inspirere.

I Noreg er «prøving og feiling» og sjølvstudium dei metodane som flest nyttar for vidareutvikling av IKT kompetanse (Monitor, 2011). Interne kurs er og mykje nytta. Færre enn halvparten av lærarane synest eksterne kurs gav utbytte. Det kan tyde på at det er internt i kollegiet det mest effektive utviklingsarbeidet skjer. I 1998 starta Godøy skule ei satsing på IKT (Krumsvik, 2011). For å sikre at IKT satsinga skulle lukkast, forankra dei IKT-satsinga i heile skuleorganisasjonen, både i skuleleiinga, lærarane, undervisningsformene og vurderingsarbeid m.m. Krumsvik trekk fram viktige punkt for vellukka integrering av IKT (2011, s.17):

- A: Forankre IKT-integrering tydeleg hjå skuleleiing og lærarar.
- B: Knyte det til alle viktige strukturar i skuleorganisasjonen.
- C: Ha klare reglar for elevane sin bruk av IKT i undervisninga.
- D: Ha ei klar pedagogisk forankring av IKT-bruken i faga.

At heile skuleorganisasjonen var med og at leiinga hadde ein klar rolle gjorde at skulen opplevde ei suksessfull IKT-implementering som har vart i over ti år.

2.5 Digitale verktøy

At utstyret fungera er ein viktig faktor for lærarane sin tryggleik i å bruke dei digitale verktøya. I eit intervju gjennomført i samband med Monitor 2011, seier ein lærar at det er slitsamt å bruke datamaskiner i timen. Ikkje fordi han ikkje liker det, men fordi tastar manglar og kablar dett av, osb. Tilstanden på utstyret og kjennskap til bruken av det, er ein viktig faktor for motivasjonen. Rapporten seier også at lærarar som har fått berbare arbeid PC-ar som dei også kan bruke heime, har større tillit til utstyret. Det tyder på at god kjennskap til utstyret er ein viktig faktor for vidareutvikling.

2.6 Vidareutvikling av kompetanse og profesjonalitet

Ein rapport gjennomført av Fagbevegelsens senter for forskning såg på kompetanseutvikling hjå lærarar og definerte kompetanse slik: «Kompetanse kan sees på som kunnskaper, ferdigheter og holdninger som kan bidra til å løse problemer eller utføre oppgaver. Både teoretiske kunnskaper og praktiske ferdigheter omfattes av begrepet.» (Fafo, 2009).

Kompetanse vert også delt opp i formell og uformell kompetanse (Fafo, 2009). Formell kompetanse får ein gjennom skulegang, eksamenar og liknande, medan den uformelle kompetansen er det ein har lært på eigen hand og som ikkje er dokumentert. Vidareutvikling av kompetanse kan skje på tre ulike måtar. Anten så tek ein formell vidareutdanning i til dømes IKT, eller ein vidareutviklar kompetansen sin gjennom kurs og anna opplæring, ofte kalla etterutdanning. Den tredje måten, er å lære på eigenhand gjennom refleksjon og praksisbasert læring som til dømes prøving og feiling (Fafo, 2009).

Mange vil sei at læraryrket er ein eigen profesjon, sjølv om det herskar ein debatt rundt autonomien til læraren. Læreplanar og andre formelle retningslinjer gjer at nokre meiner det ikkje kan kallast meir enn «ein semi-profesjon» (Granlund, Mausestagen og Munthe, 2011). Ifølge Nylehn (2002) er det mange verdiar som ein profesjonell yrkesutøvar representerer, som til dømes etisk refleksjon og kontinuerlig faglig utvikling. Det er forventa at ein profesjonell held seg oppdatert på ny forskning og kunnskap. Ein forventar at ein lege oppdaterer seg på nye sjukdomar og behandling, eller at ein byggingeniør set seg inn i nye konstruksjonsmetodar, det same gjeld lærarane. Om ein ser på yrket som ein eigen profesjon så er det læraren som har ansvaret for å halde seg oppdatert og vidareutvikle seg sjølv. Då digitale ferdigheiter er definert som ein grunnleggande ferdigheit er det

lærarane sitt ansvar å vidareutvikla denne kompetansen. Det er ulikskap i grad av sjølvstende mellom ulike profesjonar, men lærarane skal i teorien ha autonomi nok til å kunne tileigne seg kunnskap som dei treng eller manglar, sjølv (Hernes, 2002).

2.7 Samandrag av litteraturen

At skulen skal arbeida med IKT er stadfesta i LK06 og er definert som ein grunnleggande ferdigheit. For at skulen skal kunne arbeida med dette på ein effektiv måte, må både lærarane og leiinga vere budd på morgondagens digitale utfordringar. Det kan mellom anna skje gjennom vidareutviklinga av IKT kompetansen. Undersøkingar har vist oss at lærarar generelt er positive til IKT og bruken av digitale verktøy. Det som oftast hemmar engasjementet er til dømes svikt i utstyret, manglande planar eller låg prioritering frå leiinga og skuleeigar. Det er viktig at leiinga og skuleeigar bryr seg om IKT og prioriterer arbeidet og fordelar ressursar der etter. Andre i kollegiet kan og vere ressurspersonar som går i spissen for å hjelpe skulen i vidareutviklinga, men det er essensielt å ha leiinga med. Sjølv om skulen som organisasjon må arbeide med vidareutvikling, er det den einskilde lærar sitt sjølvstendige ansvar å ha den kompetansen som yrket deira krev. Lærarar er profesjonelle yrkesutøvarar og har ein viss grad av autonomi. Det inneber at dei har ansvar for å gjere arbeidet sitt på ein forsvarleg måte innafor dei rammene som er sett av læreplan og andre forskrifter.

3.0 Metode

«En metode er en framgangsmåte, et middel til å løse problem og komme fram til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener formålet, hører med i arsenalet av metoder» (Aubert, 1991 s.196). Dalland skildrar metode som å følgje ein veg mot eit mål(2012). Ved hjelp av ulike metodar kan ein finne svaret på ulike spørsmål. Ein skil mellom kvantitativ og kvalitativ metode og dei kan brukast til ulike formål. Ved bruk av kvantitative metodar har ein ofte ikkje kontakt med deltakarane sine, og har i mange tilfelle ikkje kommunikasjon utanom til dømes eit spørjeskjema. Om ein derimot nyttar ein kvalitativ metode, kan ein fange opp meiningar og opplevingar som ein ikkje kan framstille gjennom statistikk og tal. Forskarane som bruker kvalitative data vert ofte sett på som «tolkarar» av eit problem. Den kvalitative metoden går i djupna i undersøkinga, og har ofte få deltakarar for å få mykje opplysningar (Dalland, 2012).

3.1 Val av metode

Ved val av metode må ein gjere avvegingar mellom kva som er ideelt eller praktisk mogleg. I tillegg må ein gjere etiske vurderingar og i mange høve vil situasjonen påverke vala som ein tek. Til dømes rammevilkår har ein for å gjennomføre undersøkinga. Slike val må ein ta omsyn til, og dei kan ha stor betydning for resultatet ein endar opp med. Ved val av metode må forskarane gjere greie for dei vala som vert tekne, og samtidig være klar over at potensielle feilkjelder rundt forskinga må takast med i vurderinga (Dalland, 2008)

I undersøkinga har me valt å nytte ein kvalitativ metode, eit case-studie av ein skule. Problemstillinga var å finne ut korleis lærarar og leiing arbeidar for å vidareutvikla IKT kompetansen til dei tilsette ved skulen. Me ville ha kvalitative døme på korleis ein kan arbeida med vidareutvikling av IKT-kompetanse, difor valde me intervju som metode.

3.2 Intervju som metode

I eit intervju vil ein kunne gå djupare inn i informantane sine meiningar, haldningar og kjensler. Forskaren kan få ei større forståing og heilskap gjennom spørsmåla som vert stilt. Ofte vil det utviklast eit eg-og-du tilhøve mellom intervjuleiaren og informant. Den kvalitative metoden har ei tilnærming til intervjudeltakarane gjennom nærleiken til deltakarane, det gjer at ein ofte får tett kommunikasjon mellom partane (Dalland, 2012).

Før intervjuet utforma me ein intervjuguide med nøkkelspørsmål, og gjennomførte eit prøveintervju. Spørsmåla var laust strukturert med få hovudspørsmål for å hjelpe oss med å halde tråden. I utgangspunktet hadde me seks opne spørsmål. Dette var med anna spørsmål om kva informantane gjorde for å vidareutvikle IKT-kompetanse på eit individuelt nivå, og på eit organisatorisk nivå. Guiden inneheld og spørsmål om kva utstyr skulen har og i kva grad skulen nyttar IKT i kvardagen. Tidsramma på intervjuet var på ca. 20 minutt og blei teke opp på ein digital bandopptakar. Dette var for å sikre at informasjonen vart ivaretatt, og for at noteringa ikkje skulle påverke situasjonen for mykje. Det digitale intervjuet vart seinare transkribert.

3.3 Kontakt med skulen og informantar

Me ville intervjuet tre lærarar og ein rektor. Tre lærarar var nødvendig for å sette eit breiast mogleg lys på problemstillinga vår, men samstundes ikkje for mange i høve til ressursane våre. Me ville ha med rektor på skulen for å få leiinga sitt perspektiv på problemstillinga.

Me vurderte fleire skular og enda opp med å kontakte denne skulen då me trudde det kunne være interessante opplysningar å hente der. Me hadde kjennskap til skulen frå før og visste at dei hadde bra utstyr, det kunne være eit godt utgangspunkt tenkte me. Me tok kontakt med skulen og sendte eit informasjonsskriv (vedlegg). Der stod det kva me ønska å undersøkje, rammer rundt intervjuet, etiske omsyn, retningslinjer for oppbevaring av materiell og utgreiing av problemstillinga. NESH sine punkt om etiske omsyn til forskning fortel oss at "informasjonen skal gis på nøytral måte for å unngå utilbørlig press, og det skal informeres om at deltakelse er frivillig"(NESH, punkt 8, 2006). For å etterleve forskriftene valde me å la rektor velje deltakarane til intervjuet. Me spurte også om å få snakke med ein lærar som me trudde kunne ha noko interessant å seie, og det fekk me. Dette er også dekkja i feilkjeldene (punkt: 3.8).

3.4 Ei kort skildring av skulen

Skulen er ein mellomstor 1-10 skule med mellom 200 og 400 elevar. Med tanke på IKT utstyr er skulen relativt godt utrusta med mellom anna fleire interaktive tavler og PC parken på skulen er relativt ny i forhold til mange andre skular. Skulen ligg i ein kommune med mellom 5000 og 6000 innbyggjarar.

3.5 Intervjuet

Det var to forskarar med på intervjuet. Ein som leia intervjuet og ein som observerte og noterte. Me valde at berre ein av forskarane skulle delta aktivt i intervjuet og stille spørsmål, fordi som Dalland (2012) skriv er det viktig å danne eit eg-og-du forhold mellom intervjuer og informant.

Observatøren kunne eventuelt stille nokre spørsmål mot slutten av intervjuet om det var noko han meinte ikkje var dekkja av intervjuerleiar. Informantane vart godt tekne imot når dei kom, begge forskarane presenterte seg sjølve og me utveksla nokre ord før me starta intervjuet formelt med diktafonen. Dette gjorde me for at informanten skulle føle seg trygg. Intervjuaren var bevisst på haldninga si under intervjuet, han satt framoverbøyd i stolen, nikka og kom med oppfølgingsspørsmål der det var naudsynt. Fokuset var retta mot informanten, observatøren plasserte seg på avstand i mot informant og intervjuerleiar. Det skulle vere ein samtale mellom to personar medan observatøren prøvde å distansera seg. Me valde å avgrensa lengde på intervjuet til 20 minutt for å regulere mengda med data. Me gjennomførte intervjuet på ein dag, og informantane kom i tur når dei hadde tid i løpet dagen.

3.6 Ethiske omsyn

Det er viktig med open dialog når ein skal gjennomføre ei undersøking. "De som er gjenstand for forskning, skal få all informasjon som er nødvendig for å danne seg en rimelig forståelse av forskningsfeltet, av følgene av å delta i forskningsprosjektet og av hensikten med forskningen" (NESH, punkt 8, 2006). I forkant av oppgåva vurderte me om det var naudsynt med søknad til NSD i samband med anonymisering av informantar og skulen. I lag med rettleiar konkluderte me at dette ikkje var naudsynt då me ikkje var eksplisitt ute etter sensitiv informasjon eller personopplysningar, og det var vaksne deltakarar. Likevel valde me å anonymisera deltakarane då informantane og skulen sin identitet var irrelevant for problemstillinga vår. Samstundes gav det ekstra tryggleik for oss og informantane når intervjuet var anonyme.

For å anonymisera referansane til transkripsjonen nytta me forkortinga L1, L2 og L3 for lærarane samt R for rektor. Rekkefølga lærarane kom inn på intervjudagen er nødvendigvis ikkje den same som talrekka me nyttar i oppgåva. Me valde å skilje rektor frå informantane då det kan vera essensielt å vite kva informasjonen som kom frå leiinga.

3.7 Transkripsjon

For å få heilskap i det informantane sa under intervju, er det viktig å få orda ned i direkte sitat (Dalland, 2012). Me valde å skrive det så ordrett som mogleg. Difor har me teke med «ehh» og «mhm» lydar der det vart brukt. Dette gjorde me for å bevare måten ytringa vart sagt på, slik at me seinare ikkje mista kontekstuell informasjon. I den ferdige oppgåva skal ingen kunne identifiserast gjennom direkte eller indirekte skildringar. Diktafonopptaka og transkripsjonsdokumenta vert lagra på krypterte mapper på ein minnepenn.

3.8 Struktura på resultatet

For å få dei ferdige transkripsjonane inn i oppgåva måtte me nytte ein metode som eigna seg til å organisere funna våre. Me byrja med å gå gjennom alle transkripsjonane og streka ut alt som var relevant for problemstillinga vår. På den måten fekk me eit tydlegare bilete av kva som kom fram under intervju, og sortert informasjonen etter meir og mindre relevante emne. Me såg at ved å gå gjennom transkripsjonane på denne måten hjalp det oss å halde fokus på problemstillinga. Etter at alt det relevante var markert i transkripsjonane så kategoriserte me dei utifrå kva som var fellesnemnaren. Dette gjorde me for å skilje mindre funn frå hovudfunna våre. Vidare har me plukka ut hovudemne som har vore nemnd av lærarar under intervjuet. Desse kategoriane skulle også stå som basis for undertitlane i resultat kapittelet. Etter at kategoriane var sett opp, førte me inn funna i rett kategori og la til sitat for å underbygga påstandane.

For å skilje informantane frå resten av lærarane og rektor så har me valt å vere konsekvent i korleis me refererer til dei forskjellige gruppene. Lærarane som me intervjuer vert kalla informantar i teksten, resten av lærarkollegiet på skulen vert kalla for lærarane. Leiinga vert kalla for rektor eller leiing.

3.9 Feilkjelder

Validitet og reliabilitet er to viktige omgrep når det gjeld feilkjelder. Reliabilitet handlar om kor påliteleg og truverdige dei svara ein får, er. Dersom ein ikkje er trygg på svara, vil grunnlaget for diskusjonen vera på usikker grunn. Det er også viktig å halde alle faktorar som ein ikkje vil undersøke, så identiske som mogleg. Dette bidreg til å avgrensa moglege feilkjelder. Omgrepet validitet handlar om kor gyldige svara er. Når ein hentar inn informasjon om meiningar og erfaringar må ein kvalitetssikre den innhenta informasjonen. Ein må ha ei kjeldekritisk haldning. Det er mykje som kan

ha innverknad på svara ein får, og det må ein ta omsyn til når ein skal analysere resultatet av ei undersøking (Dalland, 2012).

Den eine informanten har tidlegare vore praksislærer for nokre av oss. Sjølv om dette er ei potensiell feilkjelde vurderar me ein eventuell innverknad som lite aktuelt då me ikkje var ute etter sensitiv personinformasjon. Me spurte spesifikk etter denne personen fordi tidlegare erfaringar med denne informanten som praksislærer tilseier at denne personen er god på IKT.

Under intervju har me valt å ha ein intervjuar og ein observatør. Dette kan ha ført til ugunstige intervjuforhold med tanke på at det var andre i rommet utanom intervjuleiaren og informant. Under intervjuet har også observatøren stilt oppfølgingsspørsmål til informanten, noko som kan ha påverka eg-og-du forholdet mellom intervjuleiaren og informant. Me valde likevell å vere to forskarar i rommet for då kunne intervjuleiaren fokusere fult ut på informanten, medan observatøren noterte. At me var studentar var også ein grunn til å vere fleire i rommet. Me ville ha erfaringa av å vere med på eit intervju.

4.0 Resultat

Resultatet vert presentert med me vurderer som viktigast fyrst. All informasjonen frå intervju har vorte sortert i kategoriar som igjen har vorte delt inn i underkapittel i resultatet. Alle påstandar som kjem fram vert underbygga av sitat undervegs i kapittelet.

4.1 Vidareutviklingsarbeidet

Me spurde informantane om korleis bruken av IKT og digitale verktøy vart vurdert på skulen. Informanten fortel at dei har opplæringsplan for elevane sin IKT-kompetanse som vert jamleg vurdert. Den eine informanten meinte det var litt bortkasta, fordi planen ikkje vart følgt i ettertid.

«Nei, me vurderer planen vår som sagt, men det vert jo ein slags papirarbeid, visst dokumentet ikkje vert brukt så har det ikkje den funksjonen som det er tiltenkt at det skal ha» (L2).

Me prøvde gjennom intervju å få innsikt i kva som vert organisert av leiinga eller IKT personale, og kor mykje lærarane må gjere på eigenhand. På spørsmål om kva skulen som organisasjon gjer for å vidareutvikle IKT-kompetansen, svare den eine informanten slik:

«...da trur eg må vera så ærleg å svara lite» (L2).

«... sånn er det med alt IKT på skulen vår her, at det er veldig personavhengig...» (L2).

«... det er mange som er flinke, men det vert for lite» (L2).

Informantane meiner at slik som det no er på skulen, er det opp til den einskilde lærar kor mykje ein vektlegg arbeid med digitale verktøy og vidareutviklinga av sin eigen IKT-kompetanse. Nokre lærarar ser nytta i bruk av IKT medan andre lærarar ikkje orkar å sette seg inn i det. Det vert lågt prioritert når det er opp til kvar enkelt lærar meiner informantane. Lærarane er redde for å prøva og manglar vilje til å setje seg inn i dei tilgjengelege digitale verktøya.

«...Det er ein del lærarar... som føler at ikkje dei strekker til, og difor brukar dei ikkje det [dei digitale verktøya]» (L3).

Når me spør informantane om kva metodar dei nyttar for å tileigne seg kunnskap for å vidareutviklinga IKT-kompetansen, er det primært prøv og feil metoden som vert nytta. Internett verkar også å vere ein viktig kjelde til kunnskap. Det meste av kunnskapen vert tileigna individuelt, som desse sitata underbygger.

«...og så er det oss andre som kanskje er litt meir nysgjerrige me går vidare og prøva oss sjølv og leitar etter informasjon» (L1).

«...ja da sette eg meg ned med manualen. Da laga eg noko lite så eg prøve ut...» (L2).

Informantane gjev uttrykk for at vidareutviklinga skjer på eit individuelt nivå, og det er ikkje alle lærarane som er motiverte eller kompetente nok til å arbeide sjølvstendig med å vidareutvikla IKT-kompetansen sin. L2 meiner det er mange som er flinke med å tileigne seg kunnskap på eige hand, men at det ikkje er mange nok.

«...ikkje misforstå meg, det er mange her som er flinke, men det vert for lite» (L2).

4.2 Bruk av digitale verktøy

«No er det jo sånn at me har fått nye Smartboard tavle for eit par år sidan» (L1).

Informantskulen har interaktive tavler og difor har deira arbeid innanfor digitale verktøy vore fokusert på bruk av interaktive tavler. Informantane var samde om den potensielle auken i læringsutbytte ved integrering av interaktive tavler i undervisninga, men dei stilte seg kritisk til i kva grad dette vert praktisert. På spørsmål om bruken av interaktive tavler var informantane tydeleg samde om at bruken av dei interaktive tavlene ikkje er tilstrekkeleg.

«Dei vert lite brukt. Det vert brukt som ei tavla og det vert brukt som ein TV» (L3).

Me prøvde å få innsikt i kva digitale verktøy skulen nytta for å kunne prøva forstå korleis skulen arbeida med vidareutvikling av IKT kompetansen til lærarane. Informantane fortel at skulen nyttar heimesida aktivt som ein kommunikasjonskanal mellom skulen og heimen. Kvart trinn hadde si eiga underside som dei disponerte sjølve.

«Heimesida, den skal bli brukt kvar veke til å leggja ut informasjon og vekeplanar...» (L2).

Skulen nyttar aktivt Fronter som lagringsområde, innleveringsområde og informasjonskanal. I tillegg nytta dei utvidingar til Fronter som Creaza.

«... eg brukar det(Fronter) i forhold til innleveringa, litt retting, tilbakemeldingar og karakterar» (L1).

«... me brukar Creaza... Creaza det er eit sånt program som ligger i Fronter, som du betalar ekstra for, som du kan laga teikneseriar[med]» (L3).

Både rektor og informantane seier at det ikkje manglar på digitale verktøy, dei har det dei treng av materiell. Men det skortar på kompetansen og viljen til å bruke verktøya.

«Og det vil eg sei, det ligg ikkje på dei tekniske løysingane at vi ikkje er langt i IKT» (Rektor).

Det er berre nokre få lærarar som nyttar dei digitale verktøya jamleg i undervisninga si. Ein av informantane våre fortalte om sin eigen bruk av interaktive tavler. Det vart opptil fleire gonger for veka. Læraren brukte også datarommet på skulen ofte.

«Me har hatt ein jevnlig [bruk] ja, det er to- tre gonger i veka i vertfall (...) Eg føler det er mest noko få lærarar, det er ikkje berre meg, men... det er nok ein to- tre andre lærarar som bruker [Smartboard] ganske aktivt» (L1).

4.3 IKT-planar på deltakarskulen

Når me besøkte deltakarskulen fekk me innsyn i nokre av skulen og skuleeigar sine planar for IKT. Skulen sin opplæringsplan har kompetansemål for elevane inndelt etter årstrinn. Skuleeigar har i tillegg ein teknisk IKT-plan for tilstanden på og vedlikehald av IKT utstyr på skulen. Informantane var samde om målsetninga i planane. Dei var godt utreda, tydelege og konkrete. Problemet var at dei ikkje vart følgt.

«...opplæringsplanen vår i IT er der og det er ein heilt grei, ok plan, men me må bruka den meir aktivt (...) men det vert som alt anna papir liggande i ein skuff, det må inn aktivt å bruka den» (L2).

«Dette er då ein plan som ikkje har vorte revidert som no ligger nede i ei skuffe, som dei fleste andre planar me lagar» (L3).

Informant skulen har to stillingar for IKT arbeid på 18% og begge er blant informantane våre. Dei var ikkje nøgde då arbeidsinstruksen for stillingane var uklar og tida vert nytta til arbeid som ikkje trong delegerast til ressurspersonane.

«... eg vert ein slags ressursperson som når dei ikkje har tid, ikkje kan, ikkje vil, ikkje har lyst så vert det lagt på min pult...» (L2).

«...av og til så føler eg det at posisjonen vår vert litt misbrukt...vår ressurs bit [er] kun sett av til det pedagogiske, me har ikkje noko sånt skru [og] mekk ansvar» (L2).

I skuleeigar sin IKT-plan er det ikkje er utarbeidd stillingsinstruks for desse stillingane, noko som også rektoren ved skulen la vekt på.

«...dei gjer ein god jobb [lærarane med 18% IKT stilling], bare at eg må være klarare i retningslinjene [for] kva som er forventa» (Rektor).

«Det er ikkje utarbeida stillingsinstruks eller ansvarsfordeling for stillingane» (Skuleeigaren sin IKT-plan).

Til vår kjennskap har skulen ikkje utarbeida plan for vidareutvikling av IKT-kompetansen til lærarane. Rektoren grunngjer det med økonomiske årsakar og bruk av ressursar. Rektor seier og at det i høgste grad handlar om prioritering frå skulen si side.

«...skuleeigaren tok fatt i dette der med fornying av dataparken, og det skulle vere likt på alle skulane, og [me] skulle få midlar til å gjer det (...) så det er eit veldig positivt tiltak frå skuleeigaren, men det stranda jo i at alt vart drege inn igjen no i dårlege tider» (Rektor).

«skuleeigar tildela ressursar (...) så er det opp til skulane å bruke dei» (Rektor).

«...eg kan ikkje skulda på skuleeigar, dette ligger på meg, det ligger på skulane sin evne til å prioritere» (Rektor).

Skulen hadde tidlegare eit prosjekt der ein IKT lærar var innom alle klassane og syte for at elevane fekk den opplæringa dei har krav på. Både rektor og informantane meinte prosjektet fungerte bra,

men ordninga vart avvika då dei mangla ressursar til å halde fram. Den eine informanten hadde denne IKT-stillinga.

«Andre lærarar synest det var kjekt, for det var jo ein fornuftig bruka av ressursen vår» (L2).

I denne stillinga underviste læraren ein time i veka i alle klassar, nokre klassar hadde to timar. Det vart undervist i Word, Excel, PowerPoint og andre ting som nettvett og liknande.

4.4 Kva tiltak ynskje informantane

Lærarane saknar høve til eksterne og interne kurs for å lære om IKT. L1 meiner at skulen sett fokus meir på dei språklege faga, men at dei også må prioritere arbeidet med IKT. Den eine informanten ønskte at fleire lærarar skulle gå på kurs og lære av kvarandre etterpå når dei var tilbake på skulen.

«...eg tenkjer litt sånn at kanskje ein to- tre på ein skule kan reise på kurs ilag og ha ei felles oppleving med satsing på IKT (...) [Det] hadde vorte høgt verdsatt då for å sei det sånn» (L1).

«Eg kunne no tenkt meg noko vidareutdanning i IKT... men no har me fått beskjed om at språkfag er i fokuset» (L1).

Den eine informanten meiner at lærarane burde nytta møtetid til å dele undervisningsopplegg, spesielt digitale undervisningsopplegg. Mykje verdifullt undervisningsmaterieil som lærarar har utvikla bør delast mellom kollegaene, ein må forsøke utvikle eit betre system for deling av erfaringar og kunnskap. Dette inkluderer også kunnskap om IKT og bruk av dei digitale.

«Eg ville hatt meir [av at t.d.] samfunnsfag-gjengen setter seg ned og delar gode opplegg både på data og vanlig» (L1).

Skulen har eit fellesområde på nettverket der lærarar kan dele opplegg og andre ting, men informantan føler ikkje området vert nytta nok, informantan ser ikkje poenget med at ein lærar til dømes skal lage ein stor og omfattande PowerPoint presentasjon og ikkje dele den med resten av kollegiet.

«[Om PowerPoint presentasjonar] ...Ikkje sit på det med ein minnepenn sjølv eller på din eigen PC, del det» (L1).

Informanten meiner at det trengs eit «kick» for å få start på IKT-kompetanse vidareutviklingsarbeidet på skulen. Lærarar må på kurs for å begynne å bruke dei digitale verktøya og integrere det i undervisninga. Informanten meiner ansvaret ligg hjå leiinga, men erkjenner og at skulen ikkje har så mykje ressursar å rutte med.

4.5 Kva tankar har leiinga om IKT- arbeidet

Rektor likte godt eit tidlegare prøveprosjektet då dei hadde ein IKT-lærar for heile skulen. Han meinte det vart godt motteke.

«[Om IKT-læraren] ...var han voldsomt godt motteke blant dei andre lærarane...» (Rektor).

Rektoren erkjenner også dei negative sidene ved eit slikt opplegg, som at nokre lærarar kunne sjå på dette som eit høve til å fråskriva seg ansvaret for IKT-opplæringa.

«Då slepp dei å tenke, då ordna det seg sant. Og då får du det tilbake igjen, då vil ikkje dei føle seg på tå hev i forhold til å oppdatera seg og være motiverte, [for] dette ordnar ein anna lærar» (Rektor).

Rektoren meiner ein dedikert IKT- lærar er den beste måten å ivareta elevene sine rettar til digitale ferdigheiter utifrå eit ressursperspektiv. Me spør Rektor kva som vert gjort for å utvikle IKT-kompetansen hos den einskilde lærar. Rektoren fortel at det er sett av to del stillingar som totalt utgjør 36% som skal arbeida med det. To av informantane i undersøkinga har 18% kvar. Me spør rektor om ansvaret for IKT vidareutviklinga er delegert til desse IKT- ansvarlege lærarane? Rektor seier at leiinga heller har fraskreve seg ansvaret sitt.

«Fraskreve ansvar vil eg sei. Fordi då seie eg, okei då må de ordna dette her...» (Rektor).

Rektor fortel at det er skuleeigar som har ansvaret for drifta og vedlikehald av systema. Dei to IKT- ansvarlege lærarane skal ta seg av den pedagogiske delen. Men dei får ikkje gjort så mykje då det ikkje er utarbeidd stillingsavklaring.

«...dei gjer ein god jobb, bare at eg må vere klarare i retningslinjene [for] kva som er forventa» (Rektor).

Rektor ville heller hatt ein tilsett i ei 100% stilling som også har ansvaret for den pedagogiske delen av IKT arbeidet på skulen. Rektor meiner at tilstanden ikkje er god nok, men så lenge det ikkje er meir trykk ifrå skuleeigar så vert det ikkje endra noko.

«Eg meiner vi ikkje er gode nok der, og har ein lang veg å gå. Men så lenge vi ikkje føler meir trykk i frå, kva skal eg sei, skuleeigar. Så kostar du ting under teppet, så ja. Fraskrive deg ansvar for å sei det slik» (Rektor).

Rektor er redd for at skulen ikkje kjem til å bli betre på IKT-kompetanse i framtida. Det er eit spørsmål om prioritering, det må kuttast ein plass for at det skal verte fleire ressursar til IKT.

«Hjertesukket går på det at eg er redd på at vi sit her om 5 år og er enda meir akterutseilt en nokon når det gjeld dette her...» (Rektor).

Me spør om kva Rektor tenkjer om at digitale ferdigheiter er ein grunnleggande ferdigheit. Rektoren er einig i at det er ein viktig del av læreplanen, men meiner at lærarane ikkje jamstillar digitale ferdigheiter med dei andre grunnleggande ferdigheitene.

«Det er ein grunnleggande ferdigheit. Som eg trur ikkje alle har, vertfall ikkje lærarstanden, har sidesett med å vere god i matte, våre god i norsk osv. (...) Det er litt sånn strutsepolitikk fordi alle veit at det er sånn» (Rektor).

Rektor meiner det er hol i læreplanen fordi det står at elevane skal ha denne kompetansen, ikkje korleis skulen skal gi dei denne kompetansen. Me spør om det er nokre eldsjeler på skulen som driv med IKT? Rektor seier at det er det, og meiner dei burde få meir støtte frå leiinga i arbeidet med IKT på skulen og at leiinga burde markert seg sterkare då IKT- kompetanse er så viktig.

«Dei bør i større grad få støtte av meg, altså eg er for unnvikande i kampen med dei lærarane som ikkje vil. Eg skulle sagt: «høyr her du skal ha opplæring, du skal vise at du kan det, og du skal bruke det!» (...) Så der burde eg vore meir kravstor» (Rektor).

Rektor meiner at i tillegg til å stille større krav til lærarane må det være ein som har det overordna IKT-ansvaret. Denne personen kan syte for at kompetansekrava vert møtt.

«...for å lette arbeid og ansvar for leiinga så burde det vore ein IKT lærar her, ikkje for å skru og ordne ting, men for å ha ansvaret for å følgje tråden, sjå etter at alle klassar har fått det i følgje planane» (Rektor).

Rektor meiner det er lettare å få *ein* kompetent lærar enn å skulle passe på at alle er oppdaterte og kompetente.

«Det er lettare å få den IKT- læraren til å vere oppdatert, nødvendig kompetanse, utøve dette i kvar klasse, det er mykje meir praktisk. Det er mi meining» (Rektor).

Kva vil då skje med IKT som ein av dei fem grunnleggande ferdigheitene med berre ein ansvarleg lærar, spør me. Rektor meiner den IKT-ansvarlege læraren må arbeida tett med dei andre i kollegiet for å sikre at IKT-planar vert gjennomført i alle fag.

«Dei må jobbe tett, for eksempel i samfunnsfag, eller norsk eller kva det er. Så må dei jobbe med den datalæraren i forhold til å legge det inn i faga» (Rektor).

IKT- læraren må fungere som ein ressursperson for dei andre lærarane, men også være ein praktiserande lærar som underviser elevane. Idealistisk sett ville rektor ha heva kompetansen hjå alle lærarane, men ser ikkje det som realistisk.

4.6 Samandrag av resultatet

Skulen har tilsynelatande gode planar for IKT-opplæringa, men informantane fortel at desse vert liggande i ein skuff og ikkje nytta. Informantane meiner dei treng meir styring frå leiinga for korleis dei skal arbeida med IKT. Dette er rektor samd i, men leiinga må prioritere, og IKT vert ikkje prioritert. Fleire av informantane har tilsynelatande god IKT-kompetanse og nyttar digitale verktøy aktivt. Dei vidareutviklar seg primært gjennom prøv og feil metoden og sjølvstudie. Mesteparten av vidareutviklingsarbeidet med IKT-kompetanse skjer på eit individuelt nivå.

Dei digitale verktøya på skulen er gode og fungerer som dei skal i følge informantane. Rektoren seier at skuleeigar har ansvaret for den tekniske drifta av systemet, noko som gjer at IKT- lærarane har ansvar for det pedagogiske. Informantane våre var positive til utstyret og var nytta det aktivt. Informantane er samde i at vidareutviklingsarbeidet på skulen ikkje står på det digitale utstyret.

Den eine informanten etterlyste fleire kurs og meir aktiv kunnskapsdeling mellom lærarane på skulen. Informanten meiner det må arbeidast aktivt for å betre miljøet og skapa ein god kultur for deling av kunnskap og undervisningsmateriell. Skulen har både kompetansen og utstyret, men eit godt miljø kjem ikkje av seg sjølve, heile kollegiet må ein innsats.

Rektor såg helst at skulen fekk ein dedikert IKT-lærer på heiltid som kunne ta seg av undervisning i IKT relaterte emne og fungere som ein ressursperson i høve til dei andre lærarane. Rektor kunne ynskja seg at alle lærarane var gode i bruken av digitale verktøy men såg ikkje dette som realistisk. Det vert også naudsynt med sterkare signal frå skuleeigar om det skal skje endringar på skulen. Rektor trur ikkje det vil bli betre miljø for IKT- vidareutvikling i nær framtid.

5.0 Diskusjon

Når resultatet skal drøftast vert det naturleg å ta utgangspunkt i problemstillinga. Diskusjonen er strukturert med det som me synest er viktigast først, og det som er mindre viktig seinare. Under intervjuet kom det fram mykje informasjon om korleis informantane meinte vidareutviklingsarbeidet burde vere, og mindre om korleis det var. Det tydar på at informantane ikkje er nøgde med det vidareutviklingsarbeidet dei har innan IKT-kompetanse på skulen. Me vil difor i tillegg til å drøfte korleis dei vidareutviklar seg på denne skulen, også sjå på kva informantane meiner skulen burde gjere for å betre vidareutviklingsarbeidet i IKT-kompetanse på skulen. Me ser då både på kva lærarane på skulen meiner om emnet, og på kva leiinga ved rektor meiner.

5.1 Korleis arbeidar ein skule med vidareutvikling av IKT-kompetanse?

Problemstillinga spør om korleis *ein skule* arbeidar med vidareutvikling av IKT-kompetanse, og når det gjeld denne eine skulen vert det godt samanfatta av dette sitatet: «...Da trur eg må vera så ærleg å svara lite» (L2). Målet var å finne ulike måtar lærarane og skulen arbeida med vidareutvikling av IKT-kompetansen, men resultatet vårt fortel ei litt anna historie. Denne skulen har gode, oppdaterte og fungerande digitale verktøy, derimot kan bruken av utstyret tyde på at lærarane ikkje har den kompetansen og sjølvtiliten som trengst. Det kom fram under intervjuet at skulen ikkje organiserer noko form for IKT-vidareutviklingsarbeid. Alt arbeid med å oppdatere IKT-kompetansen fell då på kvar enkelt lærar. Rektoren fortel at dette er noko som ikkje vert prioritert. Han sa at utstyret var av god kvalitet fordi skuleeigar prioriterte ressursar til det, men det mangla føringar for bruken. Lærarane fekk ei grunnleggjande innføring når utstyret var nytt, men det vart ikkje følgt opp (L1). Rektoren er samd i kunnskapsdepartementet sine prioriteringar av digital ferdigheit og ser kor viktig vidareutvikling av IKT-kompetanse er for å kunna sikra elevane ei fullverdig utdanning. Rektoren såg på det som ein skeivheit i systemet, der alle veit at det skal vere slik, men det vert ikkje gjort noko med det likevull. Når ikkje leiinga står som ein pådrivar bak IKT arbeidet, og ikkje set føringar, vert det på denne skulen opp til kvar enkelt lærar om dei vil bruke digitale verktøy (L1).

5.1.1 Individuell kompetanseutvikling utan støtte

Leiinga har ansvaret for å legge til rette for vidareutvikling, samstundes er det også lærarane sitt ansvar å arbeide med kompetanseutvikling på eige hand. Informantane fortalte at dei vidareutvikla seg primært gjennom prøv og feil metoden og søkte etter informasjon. Informantane våre er dei

mest IKT-kyndige av lærarane på skulen (ifølgje rektoren), og deira motivasjon til å utvikle sin IKT-kompetanse er ikkje naudsynleg gjeldande for heile kollegiet. Når vidareutviklingsarbeidet av IKT-kompetanse berre vert gjennomført på eige initiativ, vert det truleg ikkje arbeida med hos alle lærarane på skulen. Sjølv om nokon hevdar at læraryrket ikkje er noko meir enn ein semi-profesjon (Granlund, Mausethagen og Munthe, 2011), er det eit individuelt ansvar for kvar lærar å syte for at ein har den kompetansen som yrket krev. Truleg vil det at skulen ikkje har ein god IKT-kultur, verte eit hinder for utviklinga til dei lærarane som allereie er motiverte. L1 kunne tenke seg at det vart ein kultur for å dele opplegg og kunnskap i bruk av digitale verktøy som til dømes interaktive tavler. Å få til ein slik kultur er truleg vanskelig utan at heile skulen er med på det. Stuart, Mills og Remus (2009) som undersøkte 64 skuleeigarar i New Zealand gjorde funne som peika på at det var betre miljø for endring og vidareutvikling på skular med leiarar med høg IKT-kompetanse. Det vert naturleg å tru at leiarar med denne kompetansen, også vil legge større vekt på IKT-kompetanse vidareutvikling, en leiarar som ikkje har same interesse.

Dei lærarane me intervjuja hadde eit ynskje om meir støtte frå leiinga i IKT-kompetanse vidareutviklinga, både for seg sjølve, og for kollegaene sine. L1 skulle ønske at fleire lærarar fekk reise på kurs saman og lære av kvarandre etterpå, eller at ein brukte møtetid til å dele kunnskap om digitale verktøy. Både teknisk kunnskap, men og didaktisk bruk av utstyret, som ved deling av opplegg og måtar å gjennomføre undervisning på. I undersøkinga Monitor (2009) kjem det fram at lærarar kjenner lite pedagogisk støtte frå leiinga for IKT-bruken. Dette er altså ikkje noko som er særeige for denne skulen.

Det er fleire faktorar som har innverknad på lærarens motivasjon til å vidareutvikle si eiga IKT-kompetanse. Nokre lærarar har truleg ramla av lasset for mange år sia, og det vert vanskeleg å fylgje med i den digitale utviklinga. Andre har kanskje aldri vore interessert i «datamaskiner» og ser ikkje poenget med kva IKT har i skulen å gjere. Molster og Wikan gjennomførte ei undersøking der dei fant ut at lærarar generelt er positive til IKT, men ser ikkje læringsverdien av det (2011). Digitale verktøy vert sett på som ein motivasjonsfaktor, men ikkje eit mål i seg sjølv. Lærarar som ikkje har mykje kunnskap om IKT, vil difor truleg ikkje sjå verdien av IKT i skulen, og difor ikkje sjå behovet for å auke kompetansen sin. Motivasjonen til lærarane vil truleg auke om leiinga gjer tiltak for å styrke vidareutviklinga av IKT-kompetansen og lagar rutinar for arbeidet med det. Godøy skule er eit godt døme på ein skule der leiing gjekk inn for å få integrera IKT i alle aspekt av skulen (Krumsvik, 2011). IKT vart integrert i heile organisasjonen og rutinar vart laga og følgt. Prosjektet er ein suksess og

skulen har klart å oppretthalde suksessen over tolv år. Dette prosjektet syner at det er mogleg å integrera IKT i alle aspekt av skulen og når prosjektet har vore ein suksess i så lang tid, har skulen også truleg lukkast i vidareutviklinga av IKT-kompetansen til dei tilsette.

Me spurte informantane om dei såg på seg sjølve som ressurspersonar for kollegiet, to av dei hadde 18% stilling som IKT ansvarlege på skulen. Begge meinte dei gjorde ein god innsats for kollegiet og vart sett på som ressurspersonar, men at rolla deira vart til stunder misbrukt (L2 og L3). Lærarar som ikkje ville sette seg inn i IKT relaterte saker la ting på «deira pult» som dei uttrykte det. Dei mangla stillingsavklaring, noko som gjorde det utfordrande å arbeida effektivt med IKT på skulen. Rektoren var einig i at ansvarsområda til IKT-personalet ikkje var tydeleg nok. Rektoren var også einig i at desse stillingane vart meir ei ansvarsfråskrivning frå leiinga si side, og at det er leiinga sitt ansvar å gjere tiltak, og å motivere lærarane til å nytte IKT. Det er ikkje dei digitale verkøya det manglar av på denne skulen, det er truleg viljen til å arbeida med vidareutvikling av IKT-kompetansen som er problemet.

5.1.2 Generelt vidareutviklingsarbeid

Når det no tydar på at det ikkje er noko organisert vidareutviklingsarbeid av IKT-kompetanse på skulen, kan det vere interessant å sjå dette i samband med anna vidareutviklingsarbeid på skulen. Skulen arbeidar aktivt med vidareutvikling på andre felt enn IKT. I perioden me var på skulen arbeida skulen med klasseleiing, og me fekk inntrykk av at dei tilsette var nøgde med både arbeidet og organiseringa. Me fekk heller ikkje inntrykk av det var manglar på initiativ eller vilje. Samstundes så legg informantane vekt på at arbeidet med vidareutvikling av *IKT-kompetansen* ikkje er tilstrekkeleg. Kva er så grunnane til at informantane ikkje er nøgde med dette arbeidet, når dei tydeleg er nøgde med anna utviklingsarbeid skulen organisera. Ein av grunnane som kom fram under intervjuet, var at rektoren vegra seg frå å ta opp kampen med dei tilsette på skulen som eventuelt ville vere imot ei auke i IKT prioritering. Så lenge ikkje skuleeigar eller andre styringsorgan gav føringar for kva dei skulle prioritera, så kom det ikkje til å skje noko forandringar. Det kan tyde på at rektoren ikkje er imot IKT vidareutviklingsarbeid, men samstundes vel å ikkje i verksetja tiltak for å betra IKT-kompetansen, sjølv om han seier det er naudsynt.

5.1.3 IKT-planar

Når det her vert hevda at det truleg ikkje er noko vidareutviklingsarbeid for IKT-kompetanse på eit organisatorisk nivå, vert skulen sine planar ikkje teke med i berekningen. Skulen har opplæringsplan for IKT med krav til elevane sin kompetanse for kvart trinn. Desse er detaljerte, tydelege og ifølge informantane våre, har dei godt innhald. Skuleeigar har også utarbeida ein utstyrsplan for skulen, der dei fastslår skulens digitale tilstand og framtidige behov. Informantane meinte at planane var gode nok, problemet er at planane vert verken nytta eller følgt. Ettersom skulen ikkje vurderer bruken av planane, fell arbeidet på lærarane si eiga vilje til å nytte dei aktivt i undervisninga og eventuelt kartleggja deira manglande kompetanse sjølve. Med dagens organisering av vidareutviklingsarbeidet på skulen, fell då arbeidet over på lærarane sitt eige initiativ til individuelt arbeid og refleksjon. Når skulen tilsynelatande ikkje nyttar desse planane i vidareutviklingsarbeidet, og dei berre vert liggande i ein skuff som L2 sa, kan ein ikkje rekne planane inn i det reelle vidareutviklingsarbeidet til skulen.

5.2 Framtidige ynskje

Under intervju fekk me høyre ein del ynskje og idear om kva tiltak som kunne betre IKT-kompetansen til lærarane, og i større grad involvere kollegiet. Rektoren hadde også planar om å sikre dei digitale ferdigheitene til elevane med ein dedikert IKT-lærar. Me skal sjå litt på ideane til informantane og leiinga sine ynskje for det framtidige arbeidet med IKT.

5.2.1 Informantane sine ynskje

Informantane hadde ein del ynskje og idear til korleis IKT-kompetansen hjå lærarane kunne aukast. L1 kunne tenkje seg at møtetida på skulen vart brukt til å dele kunnskap og opplegg i med anna dei digitale verktøya. Informantane ville ha ein kultur for IKT på skulen, og meinte at det var opp til leiinga å legge til rette for det. Informantane kunne òg tenke seg å få kurs, både interne og eksterne. L1 ville at små grupper skulle reise på kurs saman, og dele av kunnskapen dei hadde lært etterpå. Moglegheit til meir utfyllande vidareutdanning var også noko som stod på ynskjelista.

5.2.2 Leiinga sine ynskje

Nokre år tidlegare hadde skulen eit forsøksprosjekt der dei hadde ein IKT lærar som var innom alle klassane på skulen og tok seg av all undervisning relatert til IKT og digitale ferdigheiter. Denne læraren kunne ha opplæring i til dømes Excel eller nettvett. Dette prosjektet var ein suksess ifølge L3 og rektor, men måtte avsluttast grunna ressursar. Rektoren sin plan for å betre dei digitale

ferdigheitene på skulen er å tilsette ein IKT-lærar i full stilling, men det kan berre skje om leiinga prioriterer annleis. Rektoren meiner det vil vere mykje enklare å kontrollere at elevane får den kunnskapen dei har krav på med ein IKT-lærar, enn at leiinga må kvalitetsikre IKT-kompetansen til heile kollegiet. Rektoren var veldig klar på at han meinte dette var den beste løysinga.

5.3 Konklusjon

Informantskulen har gode digitale verktøy og nokre tilsette med høg IKT-kompetanse. Informantane fortalte at dei var i mindre tal når det gjaldt bruk av digitale verktøy og at det ikkje var føringar frå leiinga i bruken av desse. Det vart opptil kvar lærar om ein ville bruke det eller ikkje. Dei lærarane som interesserte seg for IKT vart og truleg motiverte til å vidareutvikle IKT-kompetansen sin, medan dei lærarane som ikkje er motiverte truleg ikkje orkar å sette seg inn i alle dei moderne digitale verktøya. Det er truleg mangel på kunnskap hos lærarane som gjer at ein ikkje ser verdien av å vidareutvikle IKT-kompetansen og gjere det til ein vital del av skulekvardagen. Leiinga på skulen har ikkje prioritert IKT-kompetanseutvikling og difor vert det ikkje prioritert hos lærarane heller, bortsett frå dei som er motiverte frå før. Kva som så er grunnen til at det er slik kan være mange. Rektoren seier at det handlar om prioriteringar og ressursar, ein av lærarane seier at det handlar om å orke. Det kan vere vanskeleg å få ein heil organisasjon inn på eit IKT-kompetanseutviklingsspor, men skular som har leiing og lærarar som går fult inn for det vil truleg ha ein større sjanse. Det er eit spørsmål nokon andre får svare på.

6.0 Avslutning

Målet med denne bacheloroppgåva var å finne ut korleis ein skule arbeidar med vidareutvikling av IKT-kompetanse. Dette ønskte me å belyse ved hjelp av eit case studie, der me snakka med rektor og tre utvalde lærarar på ein skule. Me lærte ein del om korleis lærarane vidareutvikla seg på eit individuelt nivå, men på det organisatoriske nivået var det ikkje like mykje å hente ut.. Skulen hadde gode digitale verktøy som fungerte godt, men det var ikkje noko krav til bruken av utstyret. Det var berre dei lærarane som hadde indre motivasjon med IKT-arbeid, som effektivt nytta utstyret. Dette er truleg eit resultat av manglande organisering frå leiinga, noko som og rektoren var samd i.

Me hadde og nokre underproblemstillingar som såg på kva lærarar og leiing hadde av ynskje for å betre vidareutviklingsarbeidet av IKT-kompetansen på skulen. Dette var eit spørsmål som engasjerte både lærarar og leiing. Lærarane som me intervjuar ville ha eit betre miljø for IKT på skulen, der dei kan dele opplegg og kunnskap. Meir opplæring og kurs var også noko som lærarane tenkte på. Rektoren ville ha ein dedikert IKT-lærar som skulle syta for at dei digitale ferdigheitene som elevane har krav på vert ivareteke. Dette er også noko som lærarane på skulen synest var eit godt tiltak, då det hadde vore prøvd ut før i eit prøveprosjekt.

Som ein siste refleksjon kan det vere interessant å merke seg forholdet mellom kvalitet på utstyr og bruk av det. Det kunne vore naturleg å tru at ein skule med godt fungerande digitale verktøy ville og vere gode på bruken av desse. I dette tilfellet så kan det sjå ut til at det ikkje er slik i alle samanhengar. Det er meir som må til ein godt utstyr. Ein må truleg også ha ei leiing som er motiverte for å utvikle og ivareta IKT-kompetansen på skulen og prioriterer dette.

Om me hadde gått djupare inn i dette emnet, så kunne det vore interessant å sett på korleis fleire skular arbeidar med vidareutvikling av IKT-kompetanse. Det kunne og vore interessant å sett på korrelasjonen mellom IKT-kompetansen til lærarane og til kvaliteten på dei digitale verktøya eller IKT-kompetansen til leiinga.

7.0 Kjeldeliste

Aubert, V. (1991) *Det skjulte samfunn*. (2. utgåve). Oslo: Universitetsforlaget

Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving*. (5. utgåve). Oslo: Gyldendal Akademisk.

Erstad, O. & Quale, A. (2009). National policies and practices on ICT in education: Norway. I:

Granlund, L., Mausestaden, S., Munthe, E. (2011). *Lærerprofesjonalitet i spenningsfeltet mellom policy og profesjon*. Oslo: Høgskolen i Oslo (HiO)

Hagen, A., Nyen, T. (2009). *Kompetanse - for hvem?: Sluttrapport fra evaluering av "kompetanse for utvikling. Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæring 2005-2008"*. FAFO rapport.

Hernes, H. (2002). *Perspektiver på profesjoner*. I: Nylehn og Støkken (red.) *De profesjonelle. Relasjoner, identitet og utdanning*. Oslo: Universitetsforlaget.

Krumsvik, R.J. (2011). *Den digitale lærer: Digital kompetanse i praksis*. Oslo: Pedlex Norsk Skoleinformasjon

Krumsvik, R.J. (2009). Ein ny digital didaktikk. I Otnes, Hildegunn. (red.) (2009.) *Å være digital i alle fag*. Oslo: Universitetsforlaget.

Mills, A.M., Remus, U., Stuart, L.H. (2009). School leaders, ICT competence and championing innovations. *Computers & Education*. (53), 733-741.

Molster, T. & Wikan, G. (2011). Norwegian secondary school teachers and ICT. *European Journal of Teacher Education*, (34), 209-218.

NESH (2006). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi*. Oslo

Nylehn, B. og Støkken, A. (red.) (2002). *De profesjonelle: Relasjoner, identitet og utdanning*. Oslo: Universitetsforlaget.

Otnes, Hildegunn. (red.) (2009.) *Å være digital i alle fag*. Oslo: Universitetsforlaget.

Plomp, T., Anderson, R.E., Law, N., Quale, A. (Red.), *Cross-National Information and Communication Technology Policies and Practices in Education*. 551-568. Information Age Publishing, Charlotte, NC.

Prestridge, S. (2011). The beliefs behind the teacher that influences their ICT practices. *Computers & Education*,(58), 449-458.

Senter for IKT i utdanningen. (2009). *Monitor 2009: Skolens digitale tilstand*. Oslo: Senter for IKT i utdanningen

Senter for IKT i utdanningen. (2011). *Monitor 2011: Skolens digitale tilstand*. Oslo: Senter for IKT i utdanningen

Henta frå Internett:

IKT. *Store Norske Leksikon*. Henta 11.05.03 frå: <http://snl.no/IKT>

Rammeverk for grunnleggende ferdigheter. Oslo: Utdanningsdirektoratet. Henta 19.03.13 frå: http://www.udir.no/Upload/larerplaner/lareplangrupper/RAMMEVERK_grf_2012.pdf?epslanguage=no

Læringsplakaten. Oslo: Utdanningsdirektoratet. Henta 25.04.13 frå: <http://www.udir.no/Lareplaner/Kunnskapsloftet/Prinsipp-for-opplaringa/Laringsplakaten/>

Læreplanen Kunnskapsløftet 2006 (LK06). Oslo: Utdanningsdirektoratet. Henta 13.04.13 Frå: <http://www.udir.no/Lareplaner/Kunnskapsloftet/Generell-del-av-lareplanen/>

St.meld. nr.30 2003-2004(2004). *Kultur for læring*. [Oslo]: Utdannings- og forskningsdepartementet. Henta 12.04.2013 frå: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/20032004/stmeld-nr-030-2003-2004-/4/2.html?id=404459>

Vedlegg

Vedlegg 1: Transkripsjon av intervju med lærar 1

Vedlegg 2: Transkripsjon av intervju med lærar 2

Vedlegg 3: Transkripsjon av intervju med lærar 3

Vedlegg 4: Transkripsjon av intervju med rektor

Vedlegg 5: Informasjonsskriv

Intervjuleiar vert forkorta til D

Rektor vert forkorta til R

Observatør vert forkorta til E

Klemmer [] vert nytta til å fortelje noko sagt samstundes. Viss det er andre enn intervjuleiaren som seier det som er oppført i klammene, vert det spesifisert kven som sa det.

Parentes () vert nytta til å supplere naudsynt informasjon, sensurera namn og liknande.

D: Korleis arbeidar du med IKT i skulen.

L: No er det jo sånn at me har fått nye Smartboard tavle for eit par år sia. Så me brukar mykje ulike media innanfor det. mykje nett-TV..ehh... me brukar ein del i forhold til dette med... med NRK dokumentarar, ehh... knytt til dei emna som me på ein måte har, det tykje elevane er veldig artig. Ehh... Visuelt, spesielt for dei svake elevane, men også for dei sterke sjølvsagt. Ehhm... Me har mange framføringa som.. som.. ved hjelp av Smartboard [mhm]. Me har mange program knytt til dei ulike faga. Geografi og plassering av land og sånne ting, sant, så det er ei touch tavla. Så elevane er veldig aktive på sånne ting, og likar veldig godt å drive på med det.

1:00

D: Du vil seie at du brukar da jevnlig liksom?

L: Me har hatt ein jevnlig (bruk) ja[Ja]. Det er to- tre ganger i veka, vertfall. [Ja] Ja.

D: Er det berre deg eller er det heile skulen føler du?

L: Eg føler det er mest noko få lærarar, det er ikkje berre meg, men det er nok ein to- tre andre lærarar som brukar ganske aktivt[mhm]. Som lagar program, og.. men det er... det at det teke tid å lage til program på Smartboard

D: Då meiner du opplegg?

L: Ja opplegg [ja], mange ligger, det ligger masse ferdig opplegg på smartskule.no, som me og brukar ein del av. Men... det er på ein måte å krydre undervisningen med Smartboard det

tykjer i vertfall eg er veldig viktig[mhm]. Me har Jeopardy, me har «pengane på bordet» program sant, og ulike kategoriar og quiz som er knytt til dei ulike emna da.

2:00

D: Bruker du da i alle fag då?

L: Eg brukar det mest i... samfunnsfag og... norsk. [Ja] Ja. Ordklassar sant, eh.. knytt til ja... dette der og rettingsarbeid selvfølgelig, me rettar ilag med elevane... og ...ja.

D: Når det kjem nye hjelpemiddel... for eksempel om du kan tenke tilbake til når Smartboardet kom og sånt. Korleis er det du, når det kjem nye ting, får den informasjonen du treng for å bruke det.

L: Nei det er litt det eg tenker at det var eit stort løft da når me kjøpte inn 10- 11 Smartboard tavler. [Da var det skulen som gjorde?] Det var det skulen som gjorde ja. Og så blir det litt sånne... litt sånne... me har eit slikt innføringskurs da[mhm]. Ehh... Og her på Vestlandet så er faktisk (sensurert person) den einaste som på ein måte har... er godkjent Smartboard instruktør, og me har (den personen) hit her eit par kvelda, sant. Og så har det på ein måte stoppa opp, me har fått den grunnleggande innføringen, og så er det oss andre som kanskje er litt meir nysgjerrige me går vidare og prøva oss sjølv og leitar etter informasjon. Mens andre som på ein måte..eh... tykjer det er litt vanskeleg da, ikkje... det stoppar opp der da.

D: Korleis kanaler er det du bruker når du leiter opp (Informasjon)?

3:20

L: Nei eg bruker jo (sensurert person) da [ja]. I tillegg til at eg trykke og bruker ho (Smartboardet), og finner program på smartskulen.no og litt sånt.. og når eg står fast så spør eg, sant [mhm]... og... men dei andre har ikkje so lett tilgang til hjelp da.

D: Jobbar du med da... eh.. eh føler du at du får kunnskap utanom skulen?

L: Nei. Eh. Nei, det er litt det eg tenker på no er det. Eg kunne tenkt meg noko vidareutdanning i IKT, eller eit eller anna. Men no har me fått beskjed om at det er språkfag som er i fokuset sant... som er satsings området så sant.

D: Kven som seier det?

4:00

L: Nei det.. da er det leiingen på skulen [ja] som seier at det er mest behov for språklærarar; tysklærarar, engelsklærarar og litt sånt, og vidareutvikling der. Så der stoppar det lite grann opp, og eg tenker litt sånn at kanskje ein to- tre på ein skule kan reise på kurs ilag og ha ei felles oppleving med satsing på IKT og sånt sant... eh... ilag hadde vore... vorte høgt verdsatt då for å sei det sånn. [mhm] no har me Fronter sant, og har hatt eit innføringskurs der, og litt sånt og... mange brukar det.. eller [Ka brukar de fronter til?] Nei altso eg brukar det i forhold til innlevering og litt retting og tilbakemeldingar og karakterar [Så det er i forhold til elevane?] til elevane ja. Fleirvalsprøve, av og til, sant... Eg køyrer ikkje det heile tiden. Men som... som der eg ikkje har større prøvar [mhm] sant. F.k.s. om du hadde hatt om andre verdskrig så har du ein anna prøve, men har du da om eit litt mindre tema, i staden for å på ein måte berre... eh, ha ein vanleg prøve så kan det hende eg tek ein liten fleirvalsprøve [mhm]. Svake lesarar og litt sånt, har jo utbytte av sånne ting og berre kunne kryssa av og tenke litt sant. Sjølv sagt så kan du ikkje bruke det heile tiden. For dei kan jo vere flinke å gjette og. Sant, men av og til så.. så.. så fører eg det... og elevane diggar jo å ha sånne prøvar. [ja] Alt som har med Fronter innleveringar , sant, Jeopardy, konkurransar, ehh.. lit sånt på Smartboard , ehh detta lika elevane. Men det er [Er det meir fordi det er digitalt atte de likso?] Det er digitalt, og det er berørings, det meir møte dei på deira arena da[ja], i forhold til Smarttelefonar og sånt sant. Sånn atte..atte. også.. dei likar det... så det som på ein måte er deira kvardag da, i forhold til dette her. Så elevane er jo kjempekrye viss eg har ein Galaxy(Samsung smarttelefon) og ikkje skjønner noko , så vil dei jo hjelpe sant, for detter jo kjempekult sant, for dei kan meir enn læraren. [mhm] Sant... så de ter litt det att dei på ein måte... søke.. og dei seier sjølv at dei lærer meir og da.

D: Så elevane er dei ein ressurs då i?

6:10

L: Det blir jo det da...sant. Åeh.. på Smartboard og då etter kvart så får dei jo lov til å trykke, dei kan jo ikkje øydeleggje noko der. [mhm] Sant du kan ikkje knusa noko på ein Smartboardtavla. Sånn atte eg har gitt dei lov til på ein måte å bli kjent med tavla i matfriminuttet så får dei inn også sjå videoar og høyra på litt musikk og «Youtube» og litt

sånt og treffa bli kjent med Smartboarden.[mhm] Sånn atter dei har vore vant til det ganske tidlig. Ja [mhm].

D: Kor mykje er det som er organisert av leiinga her på skulen når det gjelder... at folk kan det dei skal i bruken av slike hjelpemiddel?

L: Ja.. nei det er litt.. litt det at me..ehh... Eg føler kanskje det at sånn som når me har teammøte og sånt så blir det litt sånn praktiske ting som på ein måte ehh... Eg er litt lei av å høyra kvar måndag da sant[mhm] i forhold til at det mangla såpa på doen eller det mangla ei lyspæra i den og den gangen og litt sånt. Eg ville hatt meir... altso... samfunnsfag gjengen setter seg ned og delar gode opplegg både på data og vanlig.. sant..

7:20

D: Når du seier sanfunnsfaggjengen meiner du lærarar da?

L: Ja, da meiner eg lærarar[ja]. På ungdomskuletrinnet er norsk lærarar... sant... kan sette seg ned, så litt faggrupper, kva er lurt å gjere når ein skal starta med intervju, kva er lurt å gjere... eg har ein kjempegod idè, eg ha laga...laga.. Eit program som heiter «pengane på bordet», om ordklassar og ehh. Sant.. alt dette her. Ehh. Det kan me dele... Sjå her, her skal eg visa deg(Teatralsk). At me kunne brukt teammøtene på sånne ting... dela gode faglege opplegg da. [mhm]. Sant.. istaden for å ta opp praktiske ting som kanskje ikkje er så interessant [mhm] for det beste for elevane er jo at me gjere gode undervisningsopplegg.

D: Du vil ha ein kultur for å utveksle informasjon då?

L: Meir informasjon ja[ja]. Tidlegare så... skulen hadde tidlegare så var rektoren veldig streng på det. Alt du lagde digitalt skulle inn på same fellesområdet [ja]. Og me har jo litt det her me og då faktisk. Sånn at...at me har jo eh.. IKT ansvarlig har jo laga mappe som skal dela ting og på serverane. [mhm]. Men eg tykkjer (ikkje) folk er flinke nok til å leggja det ut da. [mhm] Har du laga ein Powerpoint om...eh.. eg brukar mykje Powerpoint da. I framstilling av nye emne. Sant... har du laga ein powerpoint om andre verdskrig so er det ein stor jobb det. Om første verdskrig om du tenker historie og sånne ting.. okay.. ikkje sit på det med ein minnepenn sjølv eller på din eigen PC, del det. Da kunne ein gjort litt meir sånn i team.. altso i tema som me har ein gong i veka. Sjå her.. no har eg laga det.. Dette vart bra.. elevane tykte det var bra. Du kan gjere sånn som meg, men unngå å gjere det sånn og sånn og sånn., for det følte eg ikkje vart [mhm mhm] altso du kan dela positive og negative ting da. Da trur eg det er viktig

for..eh.. for, altså, da.. meiner eg at det er noko som elevane hadde tent på[mhm]. Men da trenger me som du sa, stilte spørsmål om... Me treng eit lite kick og da sant. Okay, de skal få lov til å satse på IKT når de kan reise litt på kurs, og at me køyrer eit år med litt sånn oppjustering, men det ekje det. Og no er det litt fronter og Skulearena, og registrering av fravær og litt sånn, sant. Altså, det er litt ...eh.. det er litt. Folk er ikkje heilt støe. Dei har fått kjapp innføring og så blir det ikkje noko meir [mhm]. Det er litt negativt. Og så skal dei føra fravær. Og så er det vidaregåande(Utydeleg)... så atte første halvåret sluttar dei egentleg ikkje før 15 januar , eller midten av januar. Så blir det feil sant. Så dei får utlevert dette i desember. Så et er litt frustrasjon på det, det området. [mhm] Det blir.. nye ting blir kjøpt inn. Og så blir det kanskje ikkje følgt godt nok opp i forhold til at. Men det går jo selvfølgelig på skulen og leiing har jo ressursar som vert kutta ned der og då. Så det..eh.. kommunalt problem sånn sett då. [mhm] ja.

10:17

D: Er det noke..ehm.. Når det gjelde utvikla IKT kompetansen på ein skule da[ja]. Er det noko tankar du har gjort om det som du har lyst å dela?.

L: Nei ikkje ant enn at... Me hadde.. ehh... i forhold til. Altså, etter ein sumarferie når du har fem planleggingsdagar [mhm] sant så kunne du køyrt, no har me hatt mykje klasseleiing og... vurdering og litt sånt, men fått inn detta med IKT, for det er jo faktisk ein av dei grunnleggande på lik linje med matte og norsk og sånn, og rekning sant som e kome i kvardagen vår. [mhm, grunnleggande ferdigheiter] Grunnleggande ferdigheitane sant ... sånne at det er jo faktisk sånn atte me skal læra elevane det [mhm] Og med tanke att alderen på lærarane er ..ehh.. tredve og.. sant, det er dei yngste. Og dei eldste mangel er skikkelig rundt seksti år. Så det er klart att då veit elevane mykje meir, og da må det på ein måte gjerast eit løft for å sende vertfall nokon få på skulen som igjen kan læra opp resten av kollegaene. Ja[mhm].

11:20

E: Føler du at... eh... det kravet som er sett til IKT i læreplanen speglar det som administrasjonen her kommuniserer til dikka?

L: Ja, på utstyr so... har me godt nok utstyr. Me har flunkande nye PCar... og... sant alt dette her. Og Smartboard, og Fronter og me har hatt innføring, men det stoppar opp etter innføringen,

no sant.[mhm] men det er klart at.. elevane elsker jo å vere på datarommet... jobba [mhm], laga Powerpoint. Sant.. å.. og på ein måte. Berre sei ein liten ting no når me har framføringar og dei har Powerpoint og brukar den klikkaren som klikkar fram sider i staden for å stå der framme og trykke. Sant, dei føler seg meir proffe og... sånt. Altså dei kjem jo betre ut elevane og , det er veldig... eg føler det at... at... dei er veldig muntleg flinke til å formidle ting når du jobbar med IKT. [mhm] Men... ehh. Du må på ein måte stå på, det er litt sånn rykk og napp da. [mhm]. Kem me lær...(utydleg)... litt tilfeldig. Me klassane. Kva tilbod dei får, alt etter kven lærar dei har.

12:30

D: Så det kjem litt opp til læraren eigentleg kva?

L: Ja. Mens dei kanskje burde vore meir heile skulen som på ein måte drog litt i same retningen da. [mhm, mhm] Det blir litt enkeltpersonar, dei som har interesse av det. [mhm].

E: Mhm. Føler du att de har nokre tydelege bærarar av IKT virksamheita på denne skulen? Blant lærarar eller...

L: Me e.. me er nokre få lærarar som prøver å ta i eit tak i forhold til å [til felleskapet?] til å jobba med et. Men me kunne sikkert vore enda flinkare i forhold til felleskapet. [mhm]. Sant. Men.. Det er difor me kanskje har lyst og.. og på ein måte kursa oss litt i lag da, ikkje berre ha sånn to eller tre timars kurs på kvelden ein gang eller to, men att me på ein måte køyrer litt intensivt då og... sånne ting. Og da er det litt greitt att me reiser fleire på kurs sant.. og me får jo[mhm] knapt sende ein. Og reiser du fleire og... har eg gløymt noko no, so har den andre hugsa det. Og så kan ein utfylla kvarandre og på ein måte læra personalet etter kvart da [mhm]. Så ja.

13:45

E: Har du vore på noko kurs for å vidareutvikle din IKT kompetanse?

L: I.. tidligare.. (Sensurert plass) når eg var der som lærar så var me ganske ofte. Da var det på ein måte... da hadde me «its learning» plattformen, og litt sånt. Og der hadde me Smartboard ganske så tidlig. Menne.. men Ikkje i det heile tatt etter att eg kom her, på kurs... sånne eksterne kurs. [mhm]. Men kun sånn kveldsundervisning og sånne ting. Det har kun vore stort sett det. [mhm]

14:15

E: Følte du att du fekk mykje utbytta av dei kursa?

L: Ja, det... det gjorde eg. Det føler eg. Men, alt slikt av lærarstemne som har med IKT å gjere og nettrettreglar og slikt, det suger eg til med og melder meg på med ein gang. So... For eg meiner at det... eh... Elevane vert meir motiverte av det.. ehh... og visst du på ein måte klarar og laga litt gode strukturar, og gode rammer på eit datarom og at det er stille og jobbar og gjer det dei skal så er det kjempe bra, sant. Men eg vil mok tru at mange kvir seg litt og for det blir litt... det er nesten som på sløyd og formingsalen sant. Det er litt lausare timar. Sant.. på datarommet kan det bli litt meir støy og masse hender opp i været.. og så skjønner dei ikkje. Så eg kjønner at det kan vere litt pes i dei timane da. [mhm] Atte kanskje folk kvir seg litt for det, eg veit ikkje.

D: Meir logistikk liksom?

15:10

L: Ja. Så... men målet mitt er atte når eg går på jobb så skal elevane læra noko, og nokon lærer ved hjelp av ehh.. Ja, berre av å lese så har dei lært det. Mens andre må på ein måte sjå det visuelt. Og nokon må kanskje trykka og skriva opp og ned og... alt dette her, sant... så me lærer på ulike måtar, men visuelt... er jo.. spesielt for dei svake... sant... fagleg svake så kjem dei godt ut med å få ting presentert så dei kan sleppe å måtte tenke [mhm]... ehh.. på alt det andre da.. rundt. Så... Så dei elsker PowerPoint framvisning. Det er jo ganske enkelt IKT-reiskap [mhm] så.. men det er klart at det...det krev mykje av læraren, det gjere det. [mhm] førebuing og sånt og... eg trur elevane likar det for å sei det sånn. [mhm] setter pris på det.

D: Yes... Då trur eg me stoppar der.

L: Ja.

Transkripsjon av intervju med lærar 2 (L2)

Vedlegg 2

Intervjuleiar vert forkorta til D

Rektor vert forkorta til R

Observatør vert forkorta til E

Klemmer [] vert nytta til å fortelje noko sagt samstundes. Viss det er andre enn intervjuleiaren som seier det som er oppført i klammene, vert det spesifisert kven som sa det.

Parentes () vert nytta til å supplere naudsynt informasjon, sensurera namn og liknande.

00:00

D: Slik. Yes. Korleis arbeidar du med IKT i skulen?

L2: Eg har ein slags funksjon som skal vera litt slik føregangs person å driva litt da... Å pusha dei andre, så ansvarsområdet mitt ligge på dei nye smartboardane og så heimesida.

D: Hm..

L2: Heimesida, den skal bli brukt vekentleg til å leggja ut informasjon og vekeplana spesielt da men og andre ting som vedkjemme klassane, alle klassane har kvar si sida.

D: Så elevane brukar heimesida?

L2: Ja, og foreldre skal kunna.. det skal kunna vera ein informasjonskanal

D: Mhm.

01:00

L2: Å det er oppe å går, det fungera. Sjølv om eg kunne godt ha tenkt meg at det vart brukt enda meir. Men me legge ut, me har øyremerka at det... er ved kvar høgtid og litt slek happening så skal det leggast ut bilde å korte teksta i frå tura og sånn som jul, påske, haustveka vår, skidaga [mhm] og sånne ting, så ska det ut som ein slags eh.. liten sånn krydder kva driv me og foreldrene kan gå inn å sjå bilde av sine onga og lesa litt om ke me drive med. Sjølv sagt kunne eg ha tenkt meg at det vart enda meir brukt å som alt ant så kvile det da på kvar lærar [mhm] det er bare sånn... Det er jo ein ærleg sak [mm] at sånn er det med alt IT på skulen vår her at det er veldig person avhengig og me får ikkje te eh..... Dei felles tingi som me kunne ha

tenkt at me lagde eit felles plattform så alle føle eit minimumskrav av [mhm]. Det er vanskeleg å få til.

D: Kva de har gjort då for å laga ein sånn plattform?

02:00

L2: Me ha småe drypp med ettermiddagsamlingar[mhm] å me leige inn folk, altso no då smartboarda er nye hadde me folk frå firma som gjekk igjennom pluss at me hadde ressurs personar frå vidaregåande som har sama produkt som me har[mhm] og det var jo litt eh.. det var jo avgjerande når me kjøpte detta og, at me ville ha eit produkt som elevane kunne kjenna seg att i når dei gjekk vidare over til ein an skule[mhm] frå vår skule og det blir mykje brukt på vidaregåande[ja]

Ein av inspektørane kom inn i rommet på dette punktet. Opptaket vart sett på pause og vart oppatt teke etter at han forlét rommet.

D: Slik.

L2: Så ehm. Da kjemme det flotte folk med som gje eit spark bak å gjev inspirasjonskjelda og så kunne me ha tenkt at det vart øyremerkt [mhm] tid til å følga opp detta. Og så prøve me å følga det opp å så kjemme de i skyggen av andre ting som å sjølv sagt er viktig[mmh] sant som eh.. vurdering for læring har me hatt ein stor eh.. læringsplattformen vår å styrt mykje på med.. med detta med klasseleiing no [mh] og då kjemme det i skyggen av det. Så det som me no, no skulle me ha ein eh.. før påske så skulle me ha ein for småtrinnet 1–4, så skulle me ha ein gjennomgang av heimesida igjen. Korleis å laga[mhm] heilt enkle ting. Korleis å laga ein eh.. ein slags bilde... sånn slasj(flash) bilde som gjekk av seg sjølv, sånne små enkle ting å lærarane har lyst, dei er interesserte...

03:00

D: Ja for dei har tilgang til det alle samem?

L2: Ja ja. Alle er langt som forfattarar og brukarar, så kan ein, då har dei ikkje dei administrative rettane, men dei kan inn å bruka[mhm] alle verktøyi. Men dei kan ikkje det [mhm]. Og så er det nokon som kan, og så er det nokon som vil, og så nokon som ikkje vil, og då bli det sånn her stopparar heile vegen [mhm] å det det lugga sant, for da er det sånn atte... ja me har så lyst og so [mhm] får me det ikkje heilt optimalt uansett.

D: Mhm. Korleis er det du helde deg oppdatert (innan IKT)?

04:00

L2: Vell, for det fyrste så bruka eg det veldig mykje[hm] at eg blir ein slags sånn ehh.. ressursperson som når dei ikkje har tid, ikkje kan, ikkje vil, ikkje har lyst, så blir det lagt på min pult sant så da blir eg tvinga til å bruka det sant[mh] eh... Kursing utan for det... Det er veldig lite.[ja] Det var at me fekk reist, detta har me diskutert mykje me som er litt interessert da, at det kunne ha våre kjempe kjekt viss me kunne ha reist litt i lag[mh] ein to-tre stykke og det fekk me før. Me var på Hønefoss Microdaisy, hadde opplæring i flotte pedagogiske programvare, kom tilbake her å køyrde det ut på elev grupper, det var ofte litt knytta mot, dinna litt, dei svakare[mhm] elevane da, men det skal jo vera.. nok for alle[mhm] då var det så mykje å ta tak i sant, for då var me fleire so gjorde og no er det meir sånn personleg interesse, og detta lika eg, Smartboard det tykkjer eg er spennane, ja da sette eg meg ned med manualen. Da laga eg noko lite så eg prøve ut, å det er mange her som er flinke, ikkje misforstå meg, det er mange her som er flinke, men det blir for lite [mhm]. Det blir for snevert. Sant, for det er kanskje ei på fjerdeklasse trinnet som lika det, så er det ei på eit ant trinn som lika det å så... me hadde våre meir tvinga til at det vart meir sånn heil heiltleg viss det hadde våre satt av tid, øyremerkte tid at i dag ska ein faktisk arbeida med IKT.

05:00

D: Ja. Ja at lærarane hadde fått arbeidstid til å (arbeide med IKT)?

L2: Ja, me har det tiden,[ja] men alt blir liksom [mhm] skyvd framover og det med opplæringsplanen vår i IKT er der og det er ein heilt grei ok plan, men me må bruka den meir aktivt og me bruka den ikkje meir aktivt med å levera ut ein, ein kopi til alle, versegod her har du, les igjennom den, bruk det, gjer det, merka opp med trinn. Kva skal me? Kva forventa me at det skal våre gått igjennom på 1–4 for eksempel, men det er ikkje nok det blir som alt anna papir liggande i ein skuff det må inn aktivt å bruka den [mhm]. Sant me som er ressurspersonar me har eit ansvar, administrasjonen har eit ansvar med å atte det må settast av tid og her må ein faktisk jobba med noke[mhm]. Å det er jo, det er jo (...) det sama som elevane skal kunna læra lesa[mhm] dei skal læra skriva og rekna sant, og så bruka [mhm] IKT

D: Ja det står jo på læreplanane[ja ja ja ja]

E: Når du seie ressursperson, anser du deg sjølv som ein ressursperson?

L2: Eg håpar eg vil jo tru det eg har jo lyst til å vera det, men du går med sånn konstant eh.. dårleg samvittigheit. For det atte det blir ikkje sånn som du har lyst til at det skal vera kanskje skulle ein ha våre enda meir bestemt, kanskje skulle eg ha pusha på meir, høyr her detta er faktisk viktig, kanskje er det den beten som som ressursperson så eg skulle ha våre meir sånn, å gått ned til administrasjonen atte veit du detta er faktisk viktig, detta må me faktisk få gjennomført, men det er likso sånn gjengs atte me skyve det unda, for det er så mykje ant me hoppa på så mykje ant me hoppa på så mykje ant nei nå er det klasseleiing nå har har me ikkje tid til detta her [mhm] sant å da... feiga.. kanskje feiga eg litt ut at detta her... eh.. ja okei da må eg bøygja av for at eg er jo enig med dei at det er det er mykje, det er mykje å setta seg inn i no er da store prosjekt som skal leverast inn 9. april med klasseleiing og folk vil prioritera det [mhm] men det er så dumt å skyva vekk alt detta andre og for det skal ein ikkje gå igjennom som ein rød tråd sant[mhm] å dei som tapa på det er jo elevane at ikkje me klara holda eit jamt [mhm] nivå med IKT. For sånn som det er no det synst eg eller eg syns ivertfall det er veldig person avhengig kven elevane har om det blir da. Dei fleste teke det med seg inn i norsk fag sant[mhm] reise på datarommet skrive litt tekstar på data, men kven er opplært i dei små enkle tingi[mhm] kven er dei små enkle grepi me kan læra dei. Sant for hadde me byrja tidleg i småskulen med mappe struktur for eksempel laga mappe rydde mappe for kvar sitt fag å driva ein flott overgang til ungdomskulen då ein skal inn på Fronter[mhm] så er eit sånt mappe struktur program[mhm]

D: Har de Fronter her (på skulen)?

L2: Ja[ja] og no har me, me har fått eit dårleg ord på oss frå vidaregåande at me ikkje er flinke nok å bruka det i forhold til (anna skule i kommunen). (Sensurert skule) som er mykje flinkare å bruka det, det har me teke tak i og me har no pressa fram til ned til sjuande, så sjuande, åttande, niende og tidene bruka Fronter aktivt no [mhm]og det er jo bra. [då har alle elevane] Alle har[eigne kontoar] sin profil eller konto ja og det blir brukt som både ehh.. arbeidsmappe og som innleverings, helst kanskje som innleverings beten og så språk. Språk faglærarane er nok de flinkaste[mhm]

D: Hadde de kurs i da når de fekk da?

L2: Ja, det hadde me. Men det gjeld det sama der at då må me [mhm] oppdatera oss sjølve, spørja kvarandre og litt sånt so, ja det bli eigentleg det same over heile linja så me skulle hatt sånne meir knagga å hengt ting på [mhm] at me kanskje skulle hatt litt frista på når me skulle

ha oppdatert oss på, så me vart litt meir tvinga til å satt oss ilag da[mhm] å jobba med det, satt av tid til det.

D: Men kva er det de gjer no for å ehh. Asso for å som organisasjon då... for å utvikla IKT kompetansen?

L2: Ja kva skal eg svara på det. Ja tenke du ovan i frå og ned eller som skule[eigentleg ja] samanheng. [ja] ja[ja] ehh... da trur eg må vera så ærleg å svara lite[mhm]. Me har fronter og Fronter... me hadde jo ein diskusjon oppe å gjekk kvifor velga Fronter kva har me, It's Learning og sånt so vart det berra bestemt Fronter for at me skulle ligga på sama linja som dei andre[mhm] å det synst eg eigentleg er greitt for det møte dei på vidaregåande så kvifor ikkje laga vegen enklare da[mhm]. Det synst eg er ei heilt grei ordning, men da må me bruka da aktivt kanskje administrasjonen og skulle våre litt hardare og strengre og sagt det at detta har me detta er me blitt pålagt me er pålagt å bruka Fronter[mhm] men det er litt sånn, ja detta kan eg så då bruka eg det eller nei detta kan eg ikkje får eg ikkje til detta sette eg ikkje av tid til så då bruka.. blir det... velje[mhm] ein det vekk

D: Så da blir mest opp til kvar enkelt lærar da kor mykje ein vil bruka[ja] da hjelpemiddeli dei har?

L2: Ja, det vil eg sei

D: Men når de fekk alt detta her eh... Smarboard og sånt då var det vell opplæring (I bruk av verktøya)? Og det har blitt følgt opp?

L2: Ja det vil sei, men nå er det sånn at det er ikkje alle som har det, viss du tenke på Smartboard. Så er det i frå ehm.. Femte klasse og oppover [okei] og no fekk ikkje femte klasse på grunn av øeh... rom situasjonar og spesial elevar som må ha tilgang til litt andre rom som[mhm] måtte femte klasse ha eit rom som ikkje var mynta på dei så dei har ikkje Smartboard så dett dei ut og då var det fjerde klasse som fekk Smartboard [ja] rommet i staden før, men dei bruka jo det da men [mhm]... men det blir med det som me alt ant me har den grunnpakk opplæringen[mhm] og so er det opp til oss sjølve å bruka det og sånn må det jo vær litt sant, [mhm]for du må jo vera litt interessert[mhm] ska du.. asso det er jo... ein utvikling som skjer heile tida det er det med PC-ane blir oppdatert så må kva enkelt inn å finna ut at ja no har det faktisk vert litt annleis enn kva det var før[mhm] at dei må tåra litt og prøva seg litt fram eg seie ikkje at alle må setta seg ned med manualen men dei må ja, ja alle må visa ein

liten[mhm] form for interesse sjølv og. Sant, sjølv om me som ressurspersonar me som skal jo driva det og skal jo vera der på det og det er me, me prøve å visa dei småe snuttar og me prøve å vera med dei, hjelpa dei og han (L3) som kjem etter meg vil sikkert snakka om me hadde eit flott opplegg for to år sidan[mhm] der eine ressurs biten vår var sett av til å inn fysisk i klassane å vera ein del av det[mhm]. Og so forsvant det no i sparetiltaket da.

D: Men kva du meinte no(når du snakk om eit tidlegare opplegg, kva var det)?

L2: Han (L3) som ressursperson var fysisk inne i[å ja] klassen, det var time avsett[sånn ja], at han var inne i klassane og køyrde eh.. I frå.. IKT planen da [okei]. Mhm, då var me liksom sikra at det var gjennomført og det eh.. Andre lærar syns sjølv sagt det var kjekt for det var jo ein fornuftig bruk av ressursen vår [mhm] sjølv sagt vart det jo ein.. Alle ting har pluss og minus side så det vart ei kvileputa for dei som ikkje ville[mhm] eller dei som... Asso det vil... I eit kollegie så vil det alltid vera nokon som stritta i mot, om det er IKT eller ikkje[mhm] men så det var jo kanskje ein kvileputa for noken men samtidigt så vart det ein og læring for den læraren var jo med.

D: Men var dette noko han gjorde av eige engasjement?

L2: Nei det var sett ned [okei] frå administrasjonen si sida[så administrasjonen...] timeplan avsett [ja, okei] så det låg fast i timeplanen.[ja] Så det har me jo lyst å ha tilbake[ja] da, men me skjønna at det er...

13:17

D: Kor lenge hadde de da?

L2: Me hadde det i eit heilt skuleår [okei]. Det var som eit slags prøveprosjekt[ja]

13:25

E: Utanom denne eine hendinga, har de nokon konsekvent vurdering av utnyttinga av IKT?

L2: Nei, me vurderer planen vår som sagt, men det blir jo som ein slags papirarbeid sånn administrative oppgåver at me går igjennom, er det noko som skal forandrast, skal me plukka ut ting, skal me leggja inn ting [mhm] for å holda oss oppdaterte, men eg må jo sei at eg føler det er litt ehh.. uff.. no får eg heller sei bortkasta da, men viss ikkje det blir, viss ikkje

dokumentet blir brukt så har det jo ikkje den funksjonen som det er tiltenkt[mhm] at det skal ha.

14:03

D: Er det noko spesielt du har lyst å fortelja som er interessant?[ehhhh] I forhold til ehh vidareutvikling og jobb med IKT.

L2: Ehhh.. ja.. nei.. eg.. asso det er så mange dumme scenarion[hehe(ler)] sant så ein har jo så lyst til så masse å å sånn som den ordningen me hadde var jo super da me har veldig lyst tilbake til den

14:30

D: Kelais ordning?

